

**Eldbjørg Synnøve Myklebust Ravnestad**

**Ideologi og språkpolitikk**  
**Jamstillingsvedtaket i læreplanar for norskfaget**

**Masteroppgåve i nordisk språkvitskap**

**Institutt for språk og litteratur**

**Det humanistiske fakultet**

**NTNU**

**Våren 2014**



## **Føreord**

Tida mi som student i Trondheim nærmar seg slutten. Takk til medstudentar og vener for at de har gjort studietida så full av gode minne. Det er vemodig at det snart er over, men eg veit at eg kjem til smile når eg hugsar tilbake på dei fem åra mine her, og det er på grunn av dykk.

Masteroppgåva som heile tida har vore det store målet er no ferdig. Tenk det! Å skrive denne oppgåva har vore lærerikt, spennande og til tider krevjande. Difor er det nokre personar eg gjerne vil takke for å ha gjort arbeidet mitt litt lettare.

Først og fremst vil eg takke rettleiarane mine Brit Mæhlum og Randi Solheim. Takk for trivelege rettleingsmøte, gode og konstruktive tilbakemeldingar og hjelp gjennom heile prosessen.

Takk til Troels, Nikolai og Mor for språkvask og korrekturlesing. De har vore til stor hjelp i slutfasen av skrivinga.

Takk til familie og vener for all støtte de har gjeve meg. Takk for heiarop, gode råd og samtalar.

Og takk til deg, Nikolai. Du har lytta til gledene og bekymringane mine og støtta meg same kva. Takk for tolmod og oppmuntring og for at du er den du er.

*Eldbjørg Synnøve Myklebust Ravnstad  
Trondheim, april 2014*



# Innhald

Føreord	III
1 Innleiing .....	1
1.1 Problemformulering.....	1
1.2 Tema og bakgrunn .....	3
1.3 Avgrensingar .....	5
1.4 Struktura i oppgåva.....	5
1.5 Min ståstad.....	6
2 Teori og metode .....	7
2.1 Diskursanalyse.....	7
2.2 Kritisk diskursanalyse.....	8
2.3 Strategisk utval av materiale.....	10
2.4 Læreplanen si rolle i samfunnet.....	10
3 Historisk bakteppe.....	13
3.1 Byrjinga på eit nasjonalt morsmålsfag .....	13
3.2 To norske skriftspråk .....	14
3.3 Jamstillingsvedtaket.....	14
3.3.1 Den politiske prosessen .....	15
3.4 Åra etter 1885 .....	15
3.5 Sidemålsdebatten i 1907.....	16
3.6 Læreplanar .....	17
4 Analyse.....	19
4.1 Diskursanalyse som ei ramme for læreplananalysen og drøftinga .....	19
4.1.1 Den sosiale, den diskursive og den tekstuelle dimensjonen.....	20
4.2 Læreplananalyse .....	22
4.2.1 Kort om læreplanane frå 1974-2013 .....	22
4.2.2 Toskriftspråkssituasjonen og måla for norskfaget .....	24
4.2.3 Sidemålet si stilling i læreplanane.....	26
4.2.4 Legitimering .....	30
4.2.5 Omgrepsbruk.....	36
4.2.6 Den reviderte utgåva av Kunnskapsløftet frå 2013 .....	40

5	Analysefunna i lys av rådande språkpolitikk .....	45
5.1	Problemformulering og forskningsspørsmål .....	48
5.2	Domene og statustilhøve .....	48
5.3	Prinsippet nynorsk .....	49
5.4	Toskriftspråkssituasjonen og måla for norskfaget.....	50
5.5	Sidemålet si stilling i læreplanane .....	52
5.6	Legitimering .....	55
5.7	Omgrepsbruk .....	57
5.8	Debatten.....	58
	Litteratur .....	63
	Samandrag .....	67

# DEL I

## 1 Innleiing

”Elevane må sleppa den grunnleggjande verbbøyinga, og å bruke tida på å bla i ordbøker. I dag skapar denne læringsforma eit angst- og hatforhold” (www.nrk.no, 2013). Dette sa Høgre-leiar Erna Solberg i ein debatt om sidemål i innspurten av valkampen i august 2013. Mot henne i debatten sto leiaren i Sosialistisk Venstreparti Audun Lysbakken. Til svar på Solberg si utsegn sa Lysbakken: ”Dette handlar ikkje om verbbøying, men nordmenn flest skal kunna bruka språket. Dette er eit åtak på den språklege likestillinga” (ibid.). Bakgrunnen for debatten mellom dei to partileiarane var Høgre sitt forslag om å fjerne karakter og eksamen i sidemålet både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule. Sosialistisk Venstreparti var ikkje einige i dette og ville halde på opplæringa i to målformer. Lysbakken, som sa at Høgre sitt forslag var eit åtak på den språklege likestillinga, sikta då til at nynorsk og bokmål er to offisielt jamstilte skriftspråk, og at å fjerne karakter og eksamen i sidemålet vil svekkje nynorsken si stilling som eit bruksspråk. Dei to debattantane står fram som representantar for to ulike syn på sidemålsopplæringa: pugging av grammatikk versus nynorsk som eit bruksmål. Dette er to syn på sidemålsopplæringa som ofte går igjen som motpolar i debatten om toskriftspråkssopplæringa i norskfaget.

Debatten om sidemålsopplæringa i norskfaget har dei siste åra blussa opp igjen og på ny kome på dagsorden i media, i politikken og samfunnet generelt. Skulen som ein viktig forvaltar av det norske språket, har alltid vore sentral i språkdebatten, og det er særleg innhaldet og organiseringa av undervisninga og vurderingsordninga i sidemålsopplæringa som har vore temaet. Hausten 2013 var det stortingsval og sidemålet var eit tema som skapte engasjement. Debatten har roa seg for denne gong, men vi må kanskje rekne med at saka kjem på dagsorden att og at det er ei sak som mange kjem til å meine mykje om framover òg.

### 1.1 Problemformulering

Det er læreplanen som legg føringar for innhaldet i opplæringa. Sidemålsundervisninga har ein omdiskutert plass i norskfaget, men det som står i læreplanen skal gjenspegle språkpolitikken som vert ført, samstundes som det styrer sidemålsundervisninga. Problemformuleringa eg tek utgangspunkt i i masteravhandlinga mi er: *Korleis har den norske toskriftspråkssituasjonen vorte realisert i læreplanar for norskfaget frå 1974-2013?*

Jamstillingsvedtaket gjeld ikkje berre skulen, men heile samfunnet. Men med skulen som ein viktig forvaltar av det norske språket og jamstillinga, er nettopp sidemålsundervisninga eit interessant forskingsobjekt, då ein kan diskutere korleis og kor vidt sidemålsundervisninga kan bidra til jamstilling eller i samfunnet. Eg tek utgangspunkt i jamstillingsvedtaket frå 1885, men jamstillinga av bokmål og nynorsk i norskfaget slik det har utvikla seg over tid og særleg dagens situasjon, vil vere sentralt i arbeidet mitt.

Vedtaket om jamstillinga av dei to norske skriftspråka er ein milepæl i norsk språkhistorie, men trass i at det er eit offisielt politisk vedtak har det møtt og møter framleis motstand. Det er kjent at haldningar knytt til sidemålsundervisninga ikkje går i favør av budskapet i jamstillingsvedtaket, men òg frå politisk og organisatorisk hald møter det motstand. Det eg ønskjer å finne ut av i masteravhandlinga mi er korleis jamstillingsvedtaket frå 1885 vert følgt opp gjennom retningslinene som skulen som forvaltar av språket har fått, samt kor vidt språkpolitikken og læreplanane samsvarar med kvarandre og jamstillingsvedtaket. Vedtaket står og gjeld framleis og skal difor verte teke omsyn til i aktuelle språkpolitiske spørsmål og prosessar.

Eg skal gå inn i læreplanar frå ein utvald periode (1974–2013), analysere ulike aspekt ved desse og på den måten sjå korleis planane samsvarar med jamstillingsvedtaket. Ved å legge desse aspekta til grunn for analysen min, vil eg kunne drøfte korleis jamstillinga av bokmål og nynorsk vert realisert i læreplanane for norskfaget og korleis skulen som språkforvaltar gjennom sidemålsundervisninga legg opp til ei meir reell jamstilling av bokmål og nynorsk i samfunnet. I arbeidet mitt ser eg på intensjonane bak den formelle jamstillinga og på føresetnadane for å realisere denne. Korleis den faktiske realiseringa er, ligg utanfor mine rammer då eg ikkje har gjort studiar i klasserommet. Eg jobbar altså på intensjonsnivået. På dette intensjonsnivået ser eg på læreplanane og korleis desse som tekstar kan seie noko om korleis det vert lagt opp til ei gjennomføring av norskfaget med ei meir reell jamstilling av målformene. I tillegg til problemstillinga som eg presenterte ovanfor har eg sett opp nokre forskingsspørsmål som kan hjelpe meg i arbeidet:

- Korleis fremjar ulike aspekt ved læreplanane ei realisering av jamstillinga?
- I kva grad er det samsvar mellom læreplanane og føringane i den offisielle språkpolitikken?
- Korleis har utviklinga i læreplanane vore med tanke på realisering av jamstillinga av bokmål og nynorsk?



## 1.2 Tema og bakgrunn

I 1885 vart det vedteke at landsmålet og riksmålet/bokspråket skulle jamstillast. I dette låg det at begge målformene skulle kunne brukast til dei same føremåla i offentleg samanheng. Jamstillingsvedtaket av 1885 let som følgjer: ”Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog” (som sitert etter Skjong, 2011a, s. 62). Landsmålet vart vidare lovfesta som skulespråk i grunnskulen i 1892, og allereie kring år 1900 var talet på skular som hadde innført landsmål som skulespråk, ca. 250 (Steinfeld, 1986, s. 198). På Stortinget i 1907 starta det som vert kalla ”sidemålsdebatten”, og då som i dag var det både motstandarar og tilhengjarar av å ha opplæring i begge dei norske skriftspråka i skulen. Synnøve Skjong (2011a) skriv: ”Debatten om landsmålsstilen i Stortinget i 1907 utvikla seg til ein stor og omfattande språkpolitisk debatt, der ikkje berre landsmålsstilen, men heile tospråkssituasjonen vart emnet” (s. 67). Fleire av argumenta som vart brukt i debatten i 1907 er argument vi kjenner att i dagens debatt. Den eine fronten brukte pedagogiske argument mot opplæring i begge målformene. Her var manglande kompetanse hos lærarar, mangel på læremiddel og motivasjon sentrale poeng i argumentasjonen. Det vart òg hevda at elevane på bygdene ville ha fordelar under eksamen, fordi det var lettare å lære bokmål enn landsmål. Den andre fronten argumenterte med at det ville lette leseforståinga og styrkje skriftspråklæringa dersom ein fekk opplæring i begge målformene, og at den norske kulturen ville verte styrkt ved at fleire hadde kompetanse i begge målformene (op.cit., s. 68–69). Det vart ikkje semje mellom frontane, sjølv om det vart gjort vedtak om innføring av skriftleg opplæring i nynorsk og bokmål til examen artium frå 1912.

Ifølgje tal frå GSI, Grunnskolen Informasjonssystem, for skuleåret 2012/2013, var det 533 579 elevar i grunnskulen, det vil seie 86,6 %, som hadde bokmål som hovudmål, medan 77 411, 12,6 % av elevane hadde nynorsk som sitt hovudmål (Utdanningsdirektoratet, 2013-2014). Ut ifrå desse tala er det klårt at bokmål er det skriftspråket som står sterkast i den norske skulen i dag. Språkpolitikken legg føringar for språkundervisninga i skulen, og norskfaget er eit stort fag som rommar mange emne. Sidemål er eitt av desse, og debatten kring bokmål og nynorsk i politikken påverkar innhaldet i norskfaget. Den offisielle språkpolitikken dei siste åra har handla om å styrkje det norske språket og å halde fram med å styrkje likestillinga mellom dei to norske skriftspråka. Dette kjem mellom anna fram i Melding til Stortinget nr. 35 *Mål og meining* (2007–2008):

Det overordna målet for språkpolitikken byggjer på den erkjenninga at norsk er kløyvd i to skriftspråk. Dette er formelt likestilte, men har i røynda svært ulike rammevilkår.

Det er behov for eit meir heilhjarta og systematisk arbeid for å styrkja nynorsk språk og den nynorske skriftkulturen på brei basis. Dette er eit særskilt språkpolitisk mål. (Kulturdepartementet, 2008, s. 14)

Denne stortingsmeldinga vart skriven fordi det i Soria Moria- erklæringa frå 2005 vart lagt vekt på at det var behov for ein offensiv språkpolitikk for å styrkje det norske språket. Det vart påpeika at det norske språket er under konstant press, og at det difor er viktig å gjere norsk til det føretrekte språket (Regjeringen Stoltenberg II, 2005, s. 62). Det gjeld å gjere norsk til eit samfunnsberande språk. For å få til det i endå større grad, må ein, som vi kan sjå i sitatet ovanfor, vere medvitne om situasjonen til dei to likestilte skriftspråka slik at innsatsen kan liggje i å halde på dei to målformene. Språkpolitikk og debatt kring dei norske skriftspråka er med andre ord stadig aktuelt. Det gjeld bruken av norsk i det offentlege, i skulen og opplæringa og i samfunnslivet generelt. ”Mål og meining slår fast at nynorsk og bokmål er formelt jamstelte, men at nynorsk er reelt diskriminert i det norske språksamfunnet. To viktige verkemiddel for å sikra nynorskens status og bruk både i det offentlege og i samfunnet, er mållova og sidemålsundervisninga i skulen”, skriv Språkrådet i rapporten *Språkstatus 2012* (Språkrådet, 2012, s. 93). Eit tredje verkemiddel for å sikre nynorsken sin status kjem fram i *Mål og meining* og vert kalla ”prinsippet nynorsk”. I dette ligg det at der norsk språk vert omtala eller tematisert, så høyrer nynorsken med på lik line med bokmål (Kulturdepartementet, 2008, s. 82). Får ein dette prinsippet inn i den gjengse oppfatninga av norsk, så er det eit verkemiddel på vegen mot ei meir reell jamstilling.

I 2010 sende Kunnskapsdepartementet ut eit oppdragsbrev til Utdanningsdirektoratet. Oppdraget var å utarbeide rammeverk for grunnleggande ferdigheiter og å revidere læreplanane i norsk, samfunnsfag, naturfag, matematikk og engelsk (Kunnskapsdepartementet, 2010). Når det gjeld læreplanen i norsk, var det knytt mykje spenning til kva som kom til å verte utfallet for sidemålsundervisninga og vurderingsordninga i faget. Ei årsak til det var at Landslaget for norskundervisning (LNU), som er ein ideell organisasjon for norsklærarar og som er høyringsinstans for utdanningsdirektoratet, tok del i debatten og argumenterte sterkt for ei endring i mellom anna vurderingsordningane i faget. I tillegg var det kome ut ei melding til Stortinget, *Motivasjon – Mestring – Muligheter Ungdomsstrinnet*, som signaliserte behov for endringar i kompetansekrav og vurderingsordning (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 54). Det var altså to sentrale instansar som argumenterte og signaliserte behov for endring i norskfaget.

Revisjonen var ein grundig fagleg prosess, og det vart sendt ut høyringsnotat og utkast til høyringsinstansane, som gav tilbakemeldingar og innspel til revisjonsarbeidet. I tilbakemeldingane frå høyringsinstansane var det delte meiningar om dei føreslegne endringane, særleg om opplæring i og vurdering av sidemålet. Desse tilbakemeldingane gjenspeglar på mange måtar dei ulike argumenta vi kjenner til frå sidemålsdebatten generelt. Den reviderte læreplanen vart teken i bruk ved oppstarten av skuleåret 2013/2014. Kva utfallet vart etter rundane med høyring, kjem eg tilbake til seinare.

### **1.3 Avgrensingar**

Eg har valt å bruke læreplanar frå 1974 og fram til dagens læreplan som analysemateriale. Læreplanen frå 1974, *Mønsterplan for grunnskolen (M74)*, vil vere den første av planane eg vil analysere. Ved å starte med 1974-planen får eg eit breitt nok analysemateriale, samstundes som det ikkje vert for stort. Eg vil ta utgangspunkt i jamstillingsvedtaket frå 1885 og analysere læreplanane på grunnlag av det. Tida før 1974 vil eg dekke i ein historisk del og då som eit slags historisk bakteppe, før eg tek til å analysere sjølve læreplanane.

Ei anna avgrensing eg har valt å gjere, er å gå inn i analysen frå eit diskursanalytisk perspektiv. På bakgrunn av dette har eg valt ut nokre aktuelle aspekt som eg finn i alle planane og som kan vise ei utvikling. Aspekta eg har valt å sjå på er dei overordna måla for faget, sidemålet si stilling i planane, legitimering av toskriftspråksituasjonen og omgrepsbruk. Desse aspekta tenkjer eg skal gje meg eit innblikk i korleis jamstillinga av bokmål og nynorsk har vorte realisert i læreplanane dei siste 40 åra.

### **1.4 Struktura i oppgåva**

Masteravhandlinga er delt i to hovuddelar og har fem kapittel. Kapittel 1, 2 og 3 utgjer del I, medan kapittel 4 og 5 utgjer del II. Kapittel 1 er som vi har sett innleiing. Kapittel 2 er eit kombinert teori- og metodekapittel, då dette gjev ein relevant inngang til prosjektet. Kapittel 3 er ein historisk del. I dette kapitlet vil eg prøve å lage eit historisk bakteppe for resten av oppgåva. Eg vil trekkje fram historie om norskfaget og det norske språket som er relevant for problemstillinga mi. Kapittel 4 og 5 utgjer analysedelen. I kapittel 4 står analyse av ulike aspekt i læreplanane frå 1974 og fram til i dag sentralt, medan kapittel 5 er ein drøftingsdel der eg drøftar analysefunna i lys av den rådande språkpolitikken.

## 1.5 Min ståstad

Før eg går vidare til neste kapittel, vil eg gjere greie for min ståstad i høve til temaet eg har valt for masteroppgåva. Det er vanskeleg å kome heilt vekk frå bakgrunnen min og verdiane mine når eg skal skrive ei slik oppgåve. Berre det å velje eit slikt emne som tema for masteroppgåva kan i seg sjølv vere eit signal om ei spesiell interesse. Det kan òg vere eit signal om at denne interessa høgst sannsynleg er språkpolitisk forankra. Trass i dei grunnleggande verdiane eg har med meg inn i arbeidet med masteroppgåva, vil eg prøve å presentere temaet og analysane på ein mest mogleg sakleg og nøytral måte.

Temaet jamstilling av bokmål og nynorsk og toskriftspråksopplæringa i norskfaget er som vi har sett omdiskuterte tema, og det er knytt både kunnskap, haldningar og kjensler til dei. Sjølv er eg oppvaksen med nynorsk, og denne målforma har vore hovudmålet mitt gjennom heile skuleløpet. Eg valde å skrive masteroppgåva innanfor dette temaet, då eg ønskte å få meir kunnskap om korleis stoda for toskriftspråksituasjonen i norskfaget er og har vore. For meg og mange andre er nynorsk hovudmålet, men likevel veit ein at det er ei rådande oppfatning at sidemål er einstyndande med nynorsk. Eg har møtt negative haldningar til nynorsk frå folk som har bokmål som sitt hovudmål. Mange av desse haldningane opplever eg grunnar i ei generell haldning om at nynorsk er ein mindre viktig del av den norske skriftkulturen, og at det ikkje kan vere eit bruksmål på same måte som bokmål. På grunn av dette tykkjer eg det er interessant å sjå på føringane bak norskfaget, og korleis desse legg opp til ei undervisning og opplæring i to målformer som i større grad kan realisere ei jamstilling av bokmål og nynorsk.

Arbeidet med dette temaet kan dessutan gje verdifulle perspektiv for meg som framtidig norsklærer. Eg ser her på politikken og føringane bak gjennomføringa av norskopplæringa, og som norsklærer skal eg sjølv bidra til realisering av språkpolitikken. For meg er den nynorske skriftkulturen ein del av det norske språket som vi ikkje kan sjå vekk frå, men heller må jobbe for å oppretthalde. Skulen er arenaen der elevane møter ei systematisk språkopplæring, og eg trur at endringar i opplæringa kan bidra til meir toleranse og interesse for toskriftkulturen. Kamil Øzerk (2006) skriv at vi har hatt eit syn på sidemålet som eit *problem*, i staden for å utvikle ein god tospråkspolitikk (s. 58). Eg trur at han har eit poeng i dette, og difor tykkjer eg det er interessant å sjå nærare på korleis denne politikken har vore og er, samt korleis læreplanane som legg grunnlaget for norskopplæringa fremjar ei opplæring i to målformer.

## 2 Teori og metode

*En diskurs er en bestemt måte at tale om og forstå verden (eller et udsnitt af verden) på. (Winther Jørgensen & Phillips, 1999, s. 9)*

”Gode idéer til forskning oppstår gjerne ut fra et konkret problem eller fenomen man blir nysgjerrig på. Først gjennom et teoretisk perspektiv blir fenomenet interessant som forskningstema”, skriv Aksel Tjora (2010, s. 12). Slik starta også prosessen min som skulle verte ei ferdig masteroppgåve. Når eg hadde funne eit tema eg var nyfiken på og hadde funne eit teoretisk perspektiv, måtte eg tenkje på korleis eg ville forske og kva metode som høvde best. “[...] perspektivene stiller også krav til valg av metode” (ibid.), og difor vil eg det følgjande gjere greie for valet mitt av teori og metode.

### 2.1 Diskursanalyse

Eg har valt å ta utgangspunkt i diskursanalyse som ei overordna teoretisk og metodisk tilnærming for arbeidet mitt. For å forklare kvifor eg set teori og metode opp saman, viser eg til Winther Jørgensen og Phillips (1999), som skriv at diskursanalyse kan tolkast som både teori og metode:

Det er avgjørende, at man ikke bruker diskursanalysen som en analysemetode løsrevet fra det teoretiske og metodologiske grundlag. De diskursanalytiske tilgange [...] er ikke bare metoder til dataanalyse, men et teoretisk og metodisk hele – en pakkøløsning. [...] I diskursanalyse er *teori og metode* altså kædet sammen, og man skal acceptere de grunnliggende filosofiske premisser for at bruke diskursanalyse som metode i empiriske undersøgelser”. (s. 12)

Ein diskurs er ein bestemt måte å tale om og forstå verda på (jf. opningsstatet i dette kapitlet), og ein diskurs kan vere ein tekst. Tekst er kommunikasjon, og tekst knyter forfattar og lesar saman. Læreplanane kommuniserer med lesaren, og lesarane har kanskje ulike utgangspunkt for å lese læreplanen. Utgangspunktet mitt er at eg skal sjå på læreplanar i norskfaget med eit analytisk blikk. Eg les læreplanane som tekstar som på ulikt vis er prega av tida dei vart til i, og dei kan difor gje meg eit bilete av om det har vore utvikling i planane i høve til situasjonen slik han er i dag. Diskursanalyse handlar om å studere tekstar og å analysere tilhøvet mellom form og funksjon i ein samanheng i teksten. I analysen skal eg trekkje fram ulike aspekt som seier noko om læreplanane i høve til kvarandre for at eg skal kunne sjå etter variasjon og utvikling i planane. Språkbruk og utforming er såleis viktig for analysen min, og det vil gje meg innblikk i korleis læreplanane legg opp til ei realisering av

jamstillingsvedtaket. ”All tekst- og meningsskaping som foregår innenfor ulike sammenhenger i samfunnet vårt, virker inn på hvordan vi tenker, forstår og oppfatter ulike fenomener i verden” (Hitching, Nilsen, & Veum, 2011, s. 11). Tekstutforminga i læreplanane er sentral for vår oppfatning av innhaldet i dei, og dermed er det avgjerande for ei realisering av jamstillingsvedtaket at teksten i læreplanen verkar inn på korleis vi tenker rundt, forstår og oppfattar jamstillinga av bokmål og nynorsk i norskfaget.

## 2.2 Kritisk diskursanalyse

”Innenfor noen diskursanalytiske retninger, som den kritiske diskursanalysen, har forskere ofte også et overordnet og mer idealistisk fundert mål om at analysene skal bidra til å endre eksisterende sosiale praksiser og relasjoner” (Hitching et al., 2011, s. 21). I læreplananalysen ser eg på intensjonane og den formelle jamstillinga, og på føresetnadene for å realisere denne. På den måten vil eg kunne sjå korleis det vert lagt opp til gjennomføring av jamstillinga. Korleis det *faktisk* vert gjennomført i praksis, er utanfor forskingsfeltet mitt, så den praktiske realiseringa i klasserommet er difor noko eg ikkje kan seie noko om.

Norman Fairclough er opphavsmannen til den kritiske diskursanalysen, og i analysen min er eg inspirert av dei tre dimensjonane som han har modellert. Fairclough (1995) definerar *diskurs* som ”language use conceived as social practice” (s. 135), og samanhengen mellom språkbruk og sosial praksis syner att i dei tre dimensjonane han set opp.

Den første dimensjonen er den *tekstuelle* – Kva seier teksten? Til dømes er ordval og tydingane til dei valde omgrepa sentrale i denne dimensjonen, då dette bidreg til å skape meining i og forståing for teksten og hans kontekst. Ifølgje Fairclough sin teori kan ein sjå på ein tekst som:

[E]t produkt, der fremstilles, når en del af virkeligheden betegnes og tillægges mening. En tekst er åben for ambivalente fortolkninger, hvilket betyder, at en tekst skal forstås i relation til fortolkeren og den sociale og diskursive praksis, som skaber mening i teksten. (Fehler et al., u.å.)

Læreplanane er slike tekstar, og det kan seiast at dei gjev eit bilete røynda, og at dei får meining gjennom røynda og gjennom fortolkaren, slik sitatet over viser. Eg skal analysere intensjonane som ligg i læreplanane når det gjeld jamstilling av målformene, og desse intensjonane kjem mellom anna til uttrykk gjennom ordval og omgrepsbruk. Gjennom den tekstuelle dimensjonen vil analysen kunne spegle noko av den sosiale praksisen bak teksten.

”Discursive practice [...] involves processes of text production, distribution, and consumption” (Fairclough, 1992, s. 78). Den *diskursive* dimensjonen er det andre nivået Fairclough presenterer, og den handlar om produksjonen og korleis diskursen vert fortolka:

Teksters produktion og fortolkning afhænger af den specifikke sociale kontekst. Derfor er det vigtigt, at undersøge vilkårene for produktion og fortolkning, da de kan give indsigt i, hvilke implicite regler og rutiner teksten har været underkastet. Dette kan også vise hvilken baggrund producenten har for at italesætte teksten på én måde fremfor andre. (Fehler et al., u.å.)

Winther Jørgensen og Phillips (1999) skriv at den diskursive praksis ”koncenterer sig om, hvordan tekstforfattere trækker på allerede eksisterende diskurser og genrer for at skabe en tekst” (s. 81). Å bruke allerede eksisterande diskursar i bruk og fortolking av nye diskursar, gjeld òg mottakarane av teksten. Konteksten rundt ein diskurs spelar ei viktig rolle for vår tolking av teksten, og dette gjeld både den skrivne og den sosiale konteksten. I læreplanssamanheng handlar dette om å sjå på teksten i lys av både opphavet og fortolkarane. Eit sentralt punkt då vil vere å undersøkje korleis styresmaktene med utgangspunkt i overordna politikk fortolkar språksituasjonen og set politikken ut i livet. Ved å undersøkje det diskursive nivået i læreplanane kan vi verte klar over konteksten rundt planane og korleis desse vert brukt i teksten.

Den tredje dimensjonen som er ein del av Fairclough si kritiske diskursanalyse er den *sosiale* dimensjonen. Denne handlar om kva sosiale, politiske og organisatoriske omstende som er utgangspunktet, og korleis desse skapar den diskursive praksisen. I samanheng med mitt arbeid representerer den sosiale dimensjonen språkpolitikken og dei overordna måla som ligg til grunn for læreplanutforminga, då desse påverkar innhaldet i norskfaget. I tillegg er dei sosiale omstende i språksamfunnet og den historiske bakgrunnen for toskriftspråksituasjonen, og difor ein del av den sosiale dimensjonen.

”Relationen mellem teksterne og den sociale praksis medieres af den diskursive praksis. Det er således kun gennem diskursiv praksis – hvor folk bruger sprog for at producere og konsumere tekster – at tekster former og formes af social praksis” (op.cit., s. 82). Dei tre dimensjonane som er ein del av Fairclough si kritiske diskursanalyse er åtskilte analytisk, men påverkar kvarandre, og er alle ein del av den heilskaplege diskursen. ”Hver kommunikative begivenhed fungerer som en form for social praksis, idet den reproducerer eller udfordrer diskursordnen. Det betyder, at en kommunikativ begivenhed former og formes af den bredere sociale praksis gennem dens forhold til diskursordnen” (op.cit., s. 82–83). Ei

diskursanalytisk tilnærming til læreplanane vil såleis både omhandle teksten i seg sjølv, produksjon og fortolking og den sosiale og politiske konteksten rundt diskursen.

Gjennom den kritiske diskursanalysen ser ein at språk ikkje er nøytralt, men at teksten både styrer og vert styrt av den sosiale konteksten. Læreplanteksten skal styre den praktiske gjennomføringa av norskopplæringa, samstundes som den sjølv vert styrt av ulike oppfatningar av, i dette tilfellet når det er snakk om jamstilling av to målformer, røynda kring toskriftspråkssituasjonen. Dette skjer både gjennom politikk og dei gjengse oppfatningane i samfunnet.

Dei tre dimensjonane skal eg bruke vidare i læreplananalysen min, og eg kjem nærare inn på korleis eg bruker dei i analysen under punkt 4.1.

### **2.3 Strategisk utval av materiale**

Å gjere eit *strategisk utval* vil seie at ein som forskar må tenkje gjennom kven som må delta i undersøkinga for at han skal få samla inn det naudsynte datamaterialet. (Johannessen, Tufte, & Christoffersen, 2010, s. 106). At utvalet ein gjer, er føremålstenleg, er eit grunnleggande kriterium. Eg har valt å bruke strategisk utval for å velje ut materiale til datainnsamlinga. Det motsette av eit strategisk utval er tilfeldig utval, men for å få mest mogleg kunnskap om temaet innanfor visse rammer, var eit strategisk utval det mest føremålstenlege for arbeidet mitt.

Til analysen har eg valt å bruke læreplanane i norskfaget frå 1974 og fram til i dag. *Mønsterplan for grunnskolen* frå 1974 er den første endelege læreplanen for den 9-årige skulen, og representerer såleis eit skilje i læreplanhistoria. Eit anna skilje denne læreplanen representerer er at det er den første endelege læreplanen for *grunnskulen*. Tidlegare var det ei deling mellom by- og landsfolkeskulen. I løpet av 60-åra kom det prøveperiodar og mellombelse læreplanar, men med M74 var den endelege endringa i skulen eit faktum. Ved å analysere denne og dei etterfølgjande planane, får eg altså oversyn over ein heilskapleg periode.

### **2.4 Læreplanen si rolle i samfunnet**

Ein læreplan er eit dokument som viser innhaldet og måla for skulen. Det er snakk om både generelt innhald og mål, og fagspesifikt innhald og mål. Den norske skulen er i dag svært ulik slik den var til dømes kring 1900, og utviklinga i skulen kan vi mellom anna lese i



læreplanane. Ein læreplan vert ofte sett på som berre eit politisk dokument, men det er fleire aspekt ved planane som må takast omsyn til når det gjeld utforminga av dei:

Selv om vår forståelse ut fra vår nordiske tradisjon først og fremst blir knyttet til læreplanen som politisk dokument – som plan, intensjon og foreskriving – så må også den historiske og samfunnsmessige sammenheng læreplandokumentet er en del av og den virkelighet det søkes realisert i, bli sett på som læreplanens anliggende. (Gundem, 1990, s. 23–24)

Gundem (1990) peikar òg på at læreplanane har ei avspeglende rolle. Med det meiner ho at verdiar, ønskje og det som ein meiner har nytteverdi for samfunnet til ei kvar tid syner att i læreplanane. Skulen er utdanningsarenaen og han har såleis stor innverknad på utvikling av haldningar og tenkjemåtar hos born og unge. ”Sentralt i denne sammenhengen blir derfor hvilke oppfatninger som får gjennomslag i læreplanen når det gjelder syn på danning, kunnskap, læring og undervisning så vel som menneske- og samfunnssyn” (op.cit., s. 33). Dette kan koplast opp mot mitt analysearbeid, då eg ser på korleis jamstillinga av målformene vert realisert i læreplanane, og dermed korleis det som står om opplæringa i dei to målformene kan tolkast av lesarane og verte realisert.



### 3 Historisk bakteppe

*I utgangspunktet er morsmål ei nemning for talemålet, men etter kvart som eit barn lærer å skriva, blir også skriftspråket rekna for å vera ein del av morsmålet og morsmålskompetansen. (Kulturdepartementet, 2008, s. 52)*

Kompetanse i morsmålet gjennom tale og skrift er det i dag sjølvsagt at elevar får hjelp til å oppnå, men det var først på siste halvdel av 1800-talet at morsmålsfaget i Noreg sakte byrja å ta form. Dette kapitlet dannar eit historisk bakteppe for masteroppgåva mi. Først vil eg gje ei kort oppsummering av korleis morsmålsfaget i Noreg vaks fram. Deretter tek eg for meg sentrale språkpolitiske hendingar, mellom anna jamstillingsvedtaket som er utgangspunktet for heile masteroppgåva. Landsmålet og riksmålet vart sidestilte i offentleg bruk, og korleis dette vedtaket frå 1885 fekk innverknad i politikk, debatt og seinare vedtak vil vere en viktig del av dette kapitlet. Det er mange sider ved, detaljar og viktige hendingar i språkhistoria i Noreg, og ulike sider i debatten har ulike meiningar om korleis hendingar skal oppfattast og tolkast. I dette kapitlet dekkjer eg ein samanhengande periode, men eg går ikkje like djupt inn i alle delane då eg ikkje kan ta med alt, men berre det som er det mest sentrale for oppgåva mi.

#### 3.1 Byrjinga på eit nasjonalt morsmålsfag

Etter at unionen med Danmark vart oppløyst i 1814 vart Noreg ein sjølvstendig nasjon i personalunion med Sverige. Noreg hadde vore i union i fleire hundre år då nasjonsbygginga skulle ta til etter 1814, og når det gjeld språket i nasjonen var det usemje om utgangspunktet til det norske språket. Det hadde vore undervisning i morsmålet før 1814, men då var dansk det brukte skriftspråket. I tillegg var skulegong noko berre eit fåtal fekk ta del i.

Kjell-Arild Madssen (1999) har skrive doktoravhandling om utviklinga av norskfaget. I avhandlinga si skriv han: ”Med 1814 ble betingelsene for norsk skoleutvikling generelt og morsmålsfaget spesielt avgjørende endret. [...] Det merkelige er ikke at Norge i løpet av 1800-tallet skulle få et nasjonsbyggende morsmålsfag; det merkelige er snarere at det tok såpass lang tid” (s. 99). Vidare skriv han at det ikkje vart nokon nasjonal skulerevolusjon eller nokon morsmålsfagleg revolusjon etter 1814, men at det tok tid før morsmålsfaget vart eit nasjonalt fag i den norske skulen (ibid.).

Utover på 1800-talet gjekk det føre seg arbeid med å etablere eit morsmålsfag, og det vart utarbeidd planar for faget. Samstundes gjekk òg målstriden føre seg, og etableringa av eit norsk språk var eit sentralt tema utover på 1800-talet.

### 3.2 To norske skriftspråk

Det vart utvikla to norske skriftstandardar på 1800-talet. Spørsmålet i etterkant av 1814 hadde vore kva det norske språket skulle vere, og to retningar vart etablert. Den eine var fornorskingsretninga, som tok sikte på å fornorske det allereie eksisterande danske skriftspråket. Den andre retninga var ”*atterreising*, dvs. utvikling av eit nytt norsk språk med historiske røter feste i tida før unionen med Danmark” (Skjong, 2011a, s. 54). Knud Knudsen er mannen vi kjenner best som den som arbeidde fram riksmålet, som i dag heiter bokmål. Han var ”den første som identifiserte og definerte den dannede dagligtale [...] som han kalte for *byfolkets talesprog* [...] Senere karakteriserte han det som *den landsgyldige norske uttale*” (Haugen, 1966, s. 26).

Ivar Aasen er det andre kjende namnet i norsk språkhistorie. Han ville lage eit nytt norsk skriftspråk basert på dialektane, og dette arbeidet resulterte i landsmålet, i dag nynorsk. Einar Haugen (1966) skriv at ”[s]å sent som i 1880-årene var Aasens språk ikkje stort annet en et leketøy for idealistiske språkmenn og diktere” (s. 30). Tilhengarane av landsmålet visste at det var naudsynt med politisk engasjement for at språket deira kunne vinne terreng i Noreg. Vidare skildrar han denne prosessen og skriv at det var trong for ”politisk aksjon, og den kunne bare foregå gjennom en allianse med det voksende opposisjonspartiet Venstre. I dette partiet møttes mange misnøyde elementer, frå bønder og fiskere til fremskrittvennlige intellektuelle” (ibid.). I 1884 kom Venstre til makta, og parlamentarismen vart innført i Noreg. Noko av det første den nye regjeringa gjennomførte etter dette var ”å ta opp et forslag som skulle innfri løftene til målstreverne” (op.cit., s. 31). Altså fekk målfolket løn for den innsatsen dei gjorde for å på ny setje språksituasjonen på politisk dagsorden.

### 3.3 Jamstillingsvedtaket

Venstre regjeringa kom med framlegg om ei språkleg jamstilling, og med 78 mot 31 stemmer vart jamstillinga vedteken den 12. mai 1885. ”[I] 1885 godkjente Stortinget 'Det norske Folkesprog' som 'Skole og officielt Sprog' på linje med 'det almindelige Skrift – og Bogsprog’”(Steinfeld, 1986, s. 198). Jamstillingsvedtaket gjorde, som vi kan sjå i sitatet

ovanfor, at folkespråket og bokspråket skulle vere to likeverdige bruksspråk, både til bruk i skulen og i det offentlege. Likevel var det uklart kva som eigentleg var meint med det som stod i vedtaket, og kva ”det norske folkesprog” eigentleg betydde. ”Det ble ettertidens sak å finne ut nøyaktig kva som var ment med denne formuleringa, den dekker nemlig over visse politiske tvetydigheter. Vedtaket åpnet iallfall mulighet til å bruke lm som offisielt språk, særlig i skolene [...] Språksaken var definitivt innført som politisk problem”, skriv Haugen (1966, s. 31) om jamstillingsvedtaket. Og målstriden heldt fram. Denne striden kan sjåast på som ei forlenging av kampen for morsmålet, og var såleis ei form for nasjonsbygging.

### 3.3.1 Den politiske prosessen

I november 1885 vart det sett ned ein skulekommisjon som hadde representantar frå *Høyre*, *Det rene Venstre* og *Det moderate Venstre* (Madssen, 1999, s. 166). Norskfaget fekk mykje merksemd i kommisjonen, og mellom anna vart § 73 i Landslova og §64 i Byloven debattert. Paragrafane sa at ”Undervisningen skal foregå i det norske Sprog” (som sitert etter Madssen, 1999, s. 168), og usemja hadde utgangspunkt i ei ulik forståing av jamstillingsvedtaket. Representantane frå *Høyre* meinte at det norske språk eintydig tydde bok- eller skriftspråket, og at å tru noko anna ville vere å gå til åtak på den nasjonale einskapen. *Høyre* meinte at undervisninga skulle gå føre seg på det alminnelege bokspråket, og at ”landsmål bare kunne komme som et tillegg eller brukes som nødhjelp (Dokka, 1988, s. 82). Debatten om kva jamstillingsvedtaket eigentleg tydde, gjekk òg på om vedtaket berre var ei oppfordring som måtte følgjast opp med bindande vedtak, eller om vedtaket faktisk var ”en given Sag” (Jahr, 1992, s. 20).

### 3.4 Åra etter 1885

Språksituasjonen var altså ikkje avklart etter 1885, men Torill Steinfeld (1986) skriv om tida etter, at trass i det uklare kring jamstillingsvedtaket kunne det ”oppfattes som en godkjenning av landsmålet som skolespråk. En slik tolkning ble lovfestet i 1892. Da fikk skoleloven det tillegget Venstre og målbevegelsen hadde krevd” (s. 198). Det som skjedde i 1892, var at Målparagrafen vart vedteken:

Undervisningen skal foregaa i det norske Sprog. Skolestyret bestemmer om Skolens Læse- og Lærebøger skal være affattede på Landsmaalet eller i det almindelige Bogmaal, og i hvilket af

disse Maal Elevernes skriftlige Arbeider i Alminnelighed skal affattes. Dog skal Eleverne lære at læse begge Maal”. (som sitert etter Madssen, 1999, s. 169)

Steinfeld (1986) skriv at ”[a]lt samme år gikk de to første skolekretsene over til å bruke landsmål som skolespråk, og omkring 1900 var tallet kommet opp i ca. 250” (s. 198). Målparagrafen frå 1892 var såleis eitt steg vidare for å få landsmålet inn som eit offisielt språk i Noreg saman med riksmålet.

Ernst Håkon Jahr (1992) diskuterer om vi i vår tid forstår jamstillingsvedtaket. Eg skreiv ovanfor at synet på jamstillingsvedtaket var todelt. Var det eit avgjerande vedtak, eller var det berre ei oppfordring? I denne samanheng peikar Jahr på følgjande:

[F]ordi den politiske utviklinga blei som den blei etter 1885, så seira det synet som anså jamstillingsvedtaket for bindende og endelig [...] Alle seinere stortingsvedtak som regulerer forholdet mellom de to målformene våre, har hatt utgangspunkt i og referert til jamstillingsvedtaket. Det er dette som er et historisk faktum, altså at ei spesiell tolking av vedtaket har seira i historias løp, ikke at vedtaket slik det var utforma i 1885, nødvendigvis måtte få en slik konsekvens. (s. 21)

### 3.5 Sidemålsdebatten i 1907

Jamstillingsvedtaket som eit avgjerande vedtak har altså vore den tilnærminga som har sigrå opp gjennom åra. For norskfaget fekk jamstillingsvedtaket og mållova følgjer. Målrørsla hadde vunne terreng på vegne av landsmålet, og på byrjinga av 1900-talet byrja ein ny kamp for språket i skulen. ”I februar 1906 sette eit landsmøte av målfolk opp som politisk program til storingsvala dette året krav om at «den eine skriftlege prøva til artium skal vera på nynorsk (landsmål)»”, skriv Kjell Haugland (1971, s. 11). Grunnen til at målfolka valde å stille eit slik krav, var den raske framgangen som landsmålet hadde hatt i etterkant av 1885. Han strekar vidare under følgjande:

Alt i 1885 fatta Stortinget prinsippvedtak om at bokmål og landsmål skulle vere offisielt jamstilte målformer, og med støtte i dette vedtaket kunne landsmålsvennene arbeide for reell jamstilling i alle offentlege institusjonar. Det var då naturleg at dei først og fremst la seg i selen for å få nasjonalforsamlinga til å gje landsmålet rom i skuleverket: ungdommen måtte bli fortruleg med målet skulle det ha voner om å slå gjennom i folket. (ibid.)

I 1907 starta ein stortingsdebatt som dreia seg om dei norske målformene og deira stilling i morsmålsfaget. Synnøve Skjong (2011a) skriv at ”[s]tortingsdebatten i 1907 representerer starten på «sidemålsdebatten», som skulle bli ein gjengangar i norsk skolepolitisk debatt” (s. 68). I kapittel 1 såg vi at fleire av argumenta som vart brukte i denne debatten, framleis vert

brukt for å argumentere for eller imot toskriftspråkssopplæringa i norskfaget. Debatten gjekk på innføring av krav til kunnskap i begge målformer gjennom obligatorisk landsmålsprøve ved examen artium. Om denne debatten skriv Haugland (2007) i ein artikkel følgjande om vedtaket:

Vedtaket var tverrpolitisk og avspegla også til ein viss grad språkstridens geografi. Eit stort fleirtal av Venstre-representantane, knapt halvparten av Høgre og alle sosialistane på ein nær stemte for. Det var ein klar tendens til at representantar som kom frå strøk der målrørsla hadde fått fotfeste, stemte positivt. (Haugland, 2007)

Vidare skriv han at motsetnadane mellom land og by, og bondekultur og bykultur viste att i debatten i 1907 om landsmålsprøve til examen artium. Vedtaket frå 1907 skulle ikkje realiserast før i 1912, då skulane skulle tilpasse seg den nye ordninga, men ”det var ingen liten siger målrørsla kunne innkassere i Stortinget våren 1907. For framtida skulle alle som gjekk opp til eksamen, dokumentere at dei kunne bruke begge målformene skriftleg, både landsmålet og «almindeligt bogmål»” (op.cit.). Måten eksamen vart gjennomført på, vart etter kvart endra, men at elevane skulle verte testa i begge målformer, har vorte ståande fram til i dag.

### 3.6 Læreplanar

Læreplanane legg føringar for innhaldet i opplæringa. Lenge var norskfaget eit lesefag, og elevane fekk møte begge målformene gjennom lesing på siste halvdel av 1800-talet (Skjong, 2011a, s. 66). Men etter 1900 vart skriftleg norsk ein større del av faget. ”De første tiårene av vårt århundre representerer en sterk 'skriftliggjøring' av samfunnet, som kraftig skjerper kravene til både funksjonell lese- og skriveevne [...] Rettskrivingsreformene fikk også betydning; både landsmål og riksmål/bokmål – nynorsk og bokmål etter 1929 – ble lettere å skrive” (Madssen, 1999, s. 186).

Det kom nye læreplanar med (u)jamne mellomrom, og sidan folkeskulen var delt i to, kom planen ut i to versjonar: ein for landsfolkeskulen og ein for byfolkeskulen. I 1922 kom det ein ny plan for landsfolkeskulen. Denne vart følgd opp i 1925, med ein tilsvarande plan for byfolkeskulen. Då hadde den førre normalplanen (som det heitte på den tida), stått frå 1890. Denne var i tillegg berre eit utkast til skuleplan. ”Bak Normalplanen av 1922 lå et par tiår med en skoledebatt som trakk i flere retninger. Delvis var det en strukturdebatt, men denne styrte også innholdsdebatten” (Madssen, 1999, s. 185).

I Normalplanen av 1922 står det i måla for norskfaget at borna mellom anna skal lære ”å lesa landsmålet og det vanlege bokmålet med dugleik og skyn og å eigna til seg sjølvstendig kunnskap gjennom bøker”, samt at dei skal lære ”skriftleg å setja fram tankane sine i naturleg og rett form utan ortografiske feil” (1922, s. 13). Endå er det ikkje krav til skriftleg kompetanse i begge målformer, men krava til kompetanse i lesing på begge målformene er tydeleg i planen frå 1922.

Planen som tok over for 1922-planen, var Normalplanen av 1939, og han innførte minstekrav i faga. ”Minstekrava i lesing var knytte til lesefart og innhaldsoppfatning av begge skriftspråka”, skriv Skjong (2011a, s. 71). Denne planen sto fram til det i 1960 kom ut ein *Læreplan for forsøk med 9-årig skole*. Tidlegare hadde modellen vore at elevane måtte velje mellom realskule og framhaldsskule etter sju år, og skriveopplæringa var ulik i desse skuleslaga. ”Niårig felles skole for alle gjorde at skriftleg opplæring og vurdering i norsk måtte tenkjast igjennom på nytt. Realskolen hadde krav om opplæring og vurdering i norsk i eit hovudmål-sidemål-perspektiv, medan framhaldsskolen berre hadde krav om opplæring og vurdering i eitt av skriftspråka” (op.cit., s. 72).

På andre halvdel av 1900-talet skjedde det på ny endringar i skulen og i norskfaget. Etter forsøksplanen frå 1960 kom det ein mønsterplan for grunnskulen, som det heitte då. Denne kom i 1971, men var berre ei førebels utgåve. Den endelege utgåva kom i 1974, og med den var premissane for toskriftspråkssopplæringa klare. Kva desse endringane var, skal eg gå nærare inn på i neste kapittel. Då vil mønsterplanane frå 1974 og 1987, læreplanen frå 1997 og Kunnskapsløftet frå 2006, samt den nyreviderte utgåva av Kunnskapsløftet vere objekt for ei læreplananalyse.



## DEL II

### 4 Analyse

*Å få moglegheiter til å utvikle språkleg kompetanse er avgjerande for vekst, utvikling og læring. Det er også føresetnaden for å kunne delta fullt ut i samfunnsliv og yrkesliv. Skolen er den aller viktigaste institusjonen for systematisk språkopplæring, og alle elevar har krav på god språkopplæring. (Jansson, 2011, s. 13)*

Denne delen av oppgåva er todelt. Først kjem læreplananalysen, der eg tek føre meg ulike aspekt ved planane, trekkjer ut aktuelle trekk og samanliknar planane. Deretter skal eg i kapittel 5 drøfte funna frå analysen i lys av den rådande språkpolitikken. Men før analysen vert presentert, vil eg trekkje inn teori og metode som ei ramme for analysen og drøftinga.

#### 4.1 Diskursanalyse som ei ramme for læreplananalysen og drøftinga

Som vi såg i kapittel 2 brukar eg diskursanalyse både som eit teoretisk og metodisk rammeverk. Den kritiske diskursanalysen har vore inspirasjonen for analysen, og han gjev såleis eit utgangspunkt for ei drøfting også. Vi har sett at Norman Fairclough (1992) i si kritiske diskursanalyse legg fram tre dimensjonar som han meiner ei kvar kommunikativ handling rommar. Dette tyder at læreplanane som diskurs kan sjåast i lys av desse tre dimensjonane (jf. punkt 2.2).

Gjennom nærlesing og jamføring av læreplanane har eg utvikla kategoriane eg har brukt i analysen. Eg har valt sentrale aspekt som ein finn i alle dei aktuelle læreplanane, samstundes som dei viser ei utvikling i utforminga av planane. Aspekta viser òg til dimensjonar ved læreplanane som diskursar. Analyseaspekta eg har kome fram til – ”toskriftspråkssituasjonen og måla for norskfaget”, ”sidemålet si stilling i læreplanen”, ”legitimering” og ”omgrepsbruk” – seier noko om kva planane signaliserer og korleis språkpolitikken er teken omsyn til, noko som igjen kan knytast opp mot læreplanane si samfunnsavspeglende rolle (jf. punkt 2.4).

#### 4.1.1 Den sosiale, den diskursive og den tekstuelle dimensjonen

Den sosiale dimensjonen handlar om å sjå diskursen i samanheng med den sosiale og politiske konteksten. Ein diskurs har eit sosialt, politisk og/eller organisatorisk utgangspunkt, og dette kan vi finne fram til ved å gå inn i diskursane og undersøkje relevante aspekt. Læreplanane i norskfaget er laga som retningsliner for opplæringa og speglar såleis den gjeldande språkpolitikken for tida dei vert laga i. Eg analyserar læreplandiskursen ut frå eit jamstillingsperspektiv, og det er difor naturleg å sjå på språkpolitikken som ein del av konteksten for læreplanane. Det eine aspektet i analysen min er dei overordna måla for norskfaget. Dette aspektet speglar det sosiale og politiske nivået, då det viser oss kva som i tråd med språkpolitikken er sett opp som dei overordna måla for faget. Toskriftspråkssituasjonen og måla for faget kan difor vere eit uttrykk for den sosiale dimensjonen.

Samstundes er dei sosiale tilhøva i samfunnet ein påverknad som òg må takast med som ein del av konteksten, då språkpolitikken vert påverka av desse. I eit jamstillingsperspektiv tek læreplanane utgangspunkt i det nemnde jamstillingsvedtaket frå 1885 som sidestiller nynorsk og bokmål som offisielle norske skriftspråk. Årsaka til at det likevel er naudsynt å analysere læreplanane i eit slikt perspektiv, er at toskriftspråkssituasjonen i Noreg viser noko anna enn to reelt jamstilte målformer. I Ottar Grepstad si årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur frå 2012, *Draumen om målet*, vert manntalet for nynorskbrukarar i det 21. hundreåret teke opp. I 2011 kunne ein rekne med at det var 780 000 nordmenn med nynorskbakgrunn i Noreg. Det vil seie kvar sjette nordmann. Dette er ein nedgong frå 1985, då talet var 850 000 individ. Grepstad konkluderer med det at det har vorte færre nynorskbrukarar, men at dei framleis er mange (Grepstad, 2012, s. 387–389). I *Nynorsk faktabok* frå 2005, viser tabell 4.11 skriftleg bruk av målformer i privat bruk for vaksne i år 2000 (sist oppdatert 10.08.2004). Spørsmålet som har vorte stilt, er: ”Når du skal skrive i private sammenhenger – benytter du da som regel nynorsk, som regel bokmål/riksmål eller begge former omtrent like mye?” (Grepstad, 2005). Samla sett har 8,5 % svart at dei brukar nynorsk i private samanhengar. 85,5 % har svart at dei brukar bokmål/riksmål, 5,3 % har svart at dei brukar begge målformer omtrent like mykje, og 0,4 % har svart at dei ikkje veit (ibid.). Dette er tal som kan syne oss skilnaden på kor utbreitt bokmål er i høve til nynorsk. Vi såg i kapittel 1 at det er stor skilnad på talet elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med bokmål som hovudmål. Tala syner oss at det er ein reell og stor skilnad i utbreiinga av målformene.

Å oppnå ei fullstendig likestilling av målformene vil vere vanskeleg, men språkpolitikken har som mål å oppretthalde begge målformene, og særleg styrkje nynorsken som er spesielt utsett for press og treng ekstra støtte. Samstundes er det sider ved språkpolitikken som har fokus på språkopplæringa og norskfaget. I melding til Stortinget nr. 23. *Språk bygger broer* kan vi lese at det skal leggjast til rette for ei språkopplæring som skal formidle dei språklege og kulturelle verdiane som er i det å ha to norske skriftspråk (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 15). Dette kjem eg tilbake til i kapittel 5.

Av kontekstar kring læreplanane vel eg, som vi har sett, å trekkje fram statusen til målformene i bruk, samt dei uttalte språkpolitiske måla om å styrkje det norske språket og å legge opp til ei god språkopplæring i norskfaget. Samstundes er den historiske konteksten og debatten som eg tok opp i kapittel 3, ein sentral del av den sosiale dimensjonen, då denne dannar eit historisk grunnlag og kontekst for utforminga av læreplanane. Vi såg tidlegare at Gudem (1990) peikar på at læreplanane har ei avspeglende rolle. Det vil seie at verdiar, ønskje og det som har nytteverdi for samfunnet syner att i læreplanane, samt at den historiske samanhengen er sentral for vår oppfatning av planane. Desse sidene ved toskriftspråksituasjonen kan kallast den sosiale og politiske konteksten for læreplanane.

Den andre av dimensjonane er den diskursive og handlar om korleis forfattarane av diskursen dreg på allereie eksisterande diskursar, og dermed korleis vi fortolkar teksten ut frå produksjonen av han. I dette tilfellet er forfattarane utdanningspolitikarar og –byråkratar som utformar læreplanane ut frå si fortolking av dei overordna språkpolitiske måla. Aspekta ”sidemålet si stilling i læreplanane” og ”legitimering” kan særleg representere den diskursive dimensjonen. Kva stilling har sidemålet i høve til hovudmålet? Korleis vert toskriftspråksopplæringa legitimert i læreplantekstane gjennom mål, krav og formuleringar? Å undersøkje dette kan syne oss tolkingar av politikken slik desse kjem fram i den produserte teksten.

Dette nivået er igjen knytt opp mot den tekstuelle dimensjonen. Teksten er eit produkt som vert framstilt når ein del av røynda vert skildra i ein viss samheng og vert tillagt meining (Fehler et al., u.å.). Læreplanane speglar røynda, og vi kan finne fram til intensjonane for jamstilliga slik dei ligg nedfelt i teksten. For dette er særleg aspektet om omgrepsbruk i analysen sentralt, då dette handlar direkte om *teksten* ”læreplanen” og korleis dei valde omgrepa og tydinga av dei bidreg til å skape meining i og forståing for teksten og konteksten. Ved å undersøkje omgrepsbruken i læreplanane vil eg kunne sjå korleis ordvala kan påverke vår fortolking av teksten, og samstundes korleis ordvala får fram dei to sidestilte målformene.

Den sosiale og politiske konteksten kjem fram gjennom språkbruken, og difor er val av omgrep interessant å undersøkje.

Dei tre dimensjonane bidreg som ei ramme for analysen og drøftinga av analysefunna i lys av den rådande språkpolitikken. Som vi såg i kapittel 2 må dei tre dimensjonane sjåast i nær samanheng med kvarandre då dei til saman utgjer ein språkpolitisk diskurs i læreplanane.

## 4.2 Læreplananalyse

Som vi har sett i det historiske bakteppet eg har gått gjennom i det føregåande, har det vore ei utvikling for tospråkssituasjonen, og ikkje minst i norskfaget, sidan det først oppsto eit morsmålsfag. Utviklinga har gått frå ei tid då det ikkje var etablert eit eige norsk språk til at morsmålsfaget med opplæring i to norske skriftspråk vart ein realitet på byrjinga av 1900-talet, etter politiske debattar og prosessar i etableringsfasen. *Folkesproget* og *Bogsproget* vart jamstilte som offisielle språk i 1885, og etter dette kjempa landsmålsvenene for ei reell likestilling av dei to målformene i alle offentlege institusjonar. Skulen var ein av institusjonane som målrørsla ville ha landsmålet inn i, og sidemålsdebatten i 1907 var byrjinga på ein langvarig debatt om dei to målformene si stilling i norskfaget.

Toskriftspråksopplæringa vart ein realitet, men tal på brukarar viser at jamstillinga ikkje er reell. Eg vil no gå inn i nyare historie i norskfaget og undersøkje korleis jamstillingsvedtaket vert realisert i læreplanane frå 1974 og fram til i dag.

### 4.2.1 Kort om læreplanane frå 1974-2013

I 1974 kom den første utgåva av ein endeleg læreplan for den 9-årige grunnskulen. *Mønsterplan for grunnskolen* (M74) kom i både nynorsk- og bokmålsutgåve, og eitt av måla for undervisninga i norsk var å ”utvide kjennskapen til norsk språk, nynorsk og bokmål, og lære elevane å bli glade i morsmålet” (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1974, s. 96).

M74 var den gjeldande planen fram til den vart avløyst i 1985. Då kom det ein ny mønsterplan for grunnskulen. To år seinare kom det ut ei revidert utgåve av denne – *Mønsterplan for grunnskolen* (M87). Desse to planane kom òg i både bokmåls- og nynorskutgåve, og var reviderte utgåver av M74. I mål for norskundervisninga i M87 vart det lagt vekt på at elevane skulle få gode kunnskapar og ferdigheiter i hovudmålet, medan dei skulle ha kjennskap til sidemålet og dialektane, samt ”utvikle tolerante holdningar til språk og språkbruk” (Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s. 129).

*Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen (L97)* var læreplanen som erstatta M87. Med L97 vart det innført 10-årig grunnskule. I innleiinga til læreplanen i norsk kjem det allsidige norskfaget fram, og her vert det mellom anna trekt fram at:

Språk er det fremste særdraget hjå mennesket, eit kjennemerke ved alle samfunn og eit karaktertrekk ved kvart individ. Tungemåla til nasjonane fortel historia til landa på same måten som fagspråk uttrykkjer innsikt og røynsle i ulike yrke [...] Språk er eit identitetsfag. (Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 111)

I *felles mål for faget* står det at elevane skal verte styrkte som morsmålsbrukarar, og den kulturelle tilhøyrsla til elevane skal verte styrkt ”gjennom å gi dei opplevingar med og kunnskap om norsk språk og litteratur” (op.cit., s. 116). Elevane sin personlege identitet er òg eit tema i dei felles måla for faget. Desse skal vere eit mål på eleven eller lærlingen sin kompetanse. L97 vart avløyst i 2006 av *Kunnskapsløftet (LK06)*.

Etter evalueringar av L97 og R94 (Læreplanen for vidaregåande opplæring frå 1994), skulle det formast ein ny læreplan. I *Melding til Stortinget nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring* vart det skrive at skulen skulle rustast opp mot eit breiare mangfald av elevar og føresette, og at det var behov for eit systemskifte (Utdannings- og Forskningsdepartementet, 2004, s. 3). Gjennom evalueringane hadde det kome fram at fleire lærarar meinte at læreplanen var for detaljert, og difor var ei forenkling av formuleringar om krav og mål ei endring som vart gjennomført i LK06. Ei anna endring var at det vart innført grunnleggande ferdigheiter i alle fag. Elevane skulle etter LK06 kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg, dei skulle kunne lese, rekne og bruke digitale verktøy som basis for læring og utvikling i og på tvers av alle fag (op.cit., s. 34). Heile læreplanverket vart omarbeidd, og den nye planen tok til å gjelde i 2006. Fagplanen for norsk byrjar med å skildre norskfaget slik:

Norskfaget er et sentralt fag for kulturforståelse, kommunikasjon, dannelse og identitetsutvikling [...] Et hovedmål for opplæringa i norsk [...] er språklig selvtillit og trygghet i egen kultur som grunnlag for utviklinga av identitet, respekt for andre kulturer, aktiv samfunnsdeltakelse og livslang læring. (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 2)

Vi såg i kapittel 1 at LK06 vart revidert, og at den nye utgåva tok til å gjelde frå august 2013. Mykje er likt i desse to planane, og vi finn dei same koplingane mellom morsmålsopplæring og identitet, sjølvtilit og tryggleik som vi såg i sitatet frå LK06. Men det har blitt gjort justeringar i mål og formuleringar slik at 2013-utgåva skil seg frå den føregåande planen, noko eg kjem tilbake til.

Desse fem nemnde læreplanane er utgangspunktet for analysen. I den føregåande introduksjonen av planane ser vi at kunnskap, identitet, toleranse og aksept er tema som går igjen i grunnlaget for og føremåla med faget. At alle planane har med dette, viser at dette er grunnleggande aspekt i morsmålsfaget. Difor er desse sentrale i drøftinga av toskriftspråkssituasjonen si rolle, og det vil eg kome tilbake til i kapittel 5. Oppbygginga i dei ulike norsklæreplanane er noko ulik. Medan M74 byrjar rett på måla for faget, har M87 ei kortare innleiing i førekant av måla. L97 har ei lengre og meir utfyllande innleiing enn dei føregåande planane, medan LK06 og den reviderte utgåva frå 2013 innleier med utfyllande føremål for faget som heilskap.

Eg er ute etter å finne ut om føresetnadane for å realisere jamstillinga av bokmål og nynorsk i læreplanane er til stades i læreplanane. Dette gjer eg som sagt ved å undersøkje aspekta eg har utvikla. Eitt og eitt aspekt vil vere tema i gongen, og eg vil då sjå på det aktuelle aspektet i kvar av læreplanane, samanlikne og trekkje fram det som er likt og/eller ulikt i planane, før eg går vidare til det neste aspektet. Eg tek for meg planane frå 1974, 1987, 1997 og 2006 først, før eg under punkt 4.2.6 ser på dei same aspekta i den reviderte utgåva av Kunnskapsløftet. Dette er den gjeldande planen, og difor har eg valt å trekkje den fram i slutten av analysen.

#### **4.2.2 Toskriftspråkssituasjonen og måla for norskfaget**

Som vi har sett, er det sett opp mål for opplæringa i faget i alle dei fire planane, og dette er dei overordna måla som opplæringa skal utformast etter. Dette aspektet representerer den sosiale dimensjonen, då dei overordna måla kan fortelje oss noko om kva som er dei språkpolitiske måla for norskopplæringa, og dermed om det er eit overordna språkpolitiske mål å fremje ei jamstilling av målformene i norskfaget.

##### ***M74 og M87***

Etter mønsterplanen frå 1974 skal opplæringa i norskfaget ”utvide kjennskapen til norsk språk, nynorsk og bokmål, og lære elevane å bli glade i morsmålet” (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1974, s. 96). Det å skulle ha kjennskap til sidemålet vert ført vidare i planen frå 1987. Her skal undervisninga ta sikte på ”å gi elevane gode kunnskaper og ferdigheter i hovedmålet, kjennskap til sidemålet og dialekter, og utvikle tolerante holdninger til språk og språkbruk” (Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s. 129). Skilnaden

mellom desse er at M74 ikkje skil mellom krav til bokmål og nynorsk eksplisitt, men omtalar dei begge som ein del av det norske språket. M87 skil derimot mellom målformene, og det vert venta mindre av elevane i sidemålet enn i hovudmålet.

Dei overordna måla i desse to planane er kortfatta og sett opp punktvis. I begge planane vert det lagt vekt på at elevane skal vere positive til morsmålet, og dei legg opp til at opplæringa skal fremje toskriftspråkssituasjonen ved å eksplisitt uttrykkje at vi har to målformer. Likevel er dei overordna måla nokså vage når det gjeld å fremje jamstillinga mellom bokmål og nynorsk.

### **L97**

Ser vi vidare på L97, er ikkje dei to målformene nemnde eksplisitt i *Felles mål for faget*. Her vert det heller peika på at elevane må verte sterkare som morsmålsbrukarar, og at den kulturelle tilhøyrsla hos elevane må verte styrkt ”gjennom å gi dei opplevingar med og kunnskap om norsk språk og litteratur” (Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 116). Den morsmålskompetansen som vert skildra her, kan tolkast som at ein ser nynorsk og bokmål under eitt, ettersom målformene ikkje vert nemnde eksplisitt i måla i denne læreplanen, slik som i dei to føregåande planane. L97 representerer såleis ei endring i målformuleringane. Men det kan også tolkast som at det er opp til lærarane å avgjere om ”norsk språk” inneber begge eller ei av målformene. I måla for faget står det òg at opplæringa skal utvikle elevane si kulturelle tilhøyrsla og gje dei innblikk i og forståing for andre kulturar og deira innverknad på vår eigen kultur. Dette liknar på måla i dei to førre planane om ei positiv haldningsskaping til språkmangfaldet i opplæringa. Målformene vert ikkje nemnt eksplisitt i dei overordna måla i L97, og måla for faget vert då litt uklære sett frå eit jamstillingsperspektiv.

### **LK06**

*Kunnskapsløftet*, læreplanen frå 2006, skil seg frå dei andre planane ved at det her er skriva meir utfyllande om måla for norskfaget. Her vert det språklege mangfaldet trekt fram meir eksplisitt: ”I Norge er både bokmål, nynorsk og samisk offisielle skriftspråk, og det tales mange ulike dialekter og sosiolekter, men også andre språk enn norsk” (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 2). Vidare heiter det at ”[m]ed utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig

mangfold og lærer å skrive både bokmål og nynorsk” (ibid.). Det ein kan merkje seg her, er at det vert trekt fram at bokmål og nynorsk begge er offisielle språk, og det vert såleis ikkje gjort nokon skilnad på målformene. Dette vert deretter understreka ved at det står at elevane skal lære seg å skrive *både* bokmål og nynorsk.

Fellesnemnaren i dei fire læreplanane når det gjeld dei overordna måla for faget er at dei alle legg vekt på at elevane vert medvitne språkbrukarar med gode haldningar til kultur og språk. Likevel er det skilnad på korleis planane framstiller og tek omsyn til toskriftspråkssituasjonen i måla for norskfaget. Medan elevane etter M74 skal ha *kjennskap til både bokmål og nynorsk*, skal dei etter M87 ha *gode kunnskapar i hovudmålet, og kjennskap til sidemålet*. I L97 vert det norske språket omtala som ein heilskap, medan det i LK06 vert lagt vekt på at norsk språk har to målformer, at desse er *jamstilte* og at elevane skal kunne skrive på begge målformene. Vi ser her ei utvikling i kva dei ulike planane har som mål for norskfaget. Samanlikna med dei første læreplanane legg LK06 opp til ein utvida kunnskap om og i språk, og han kan difor ut frå dette aspektet seiast å vere den planen som i størst grad legg opp til ei realisering av jamstillingsvedtaket i norskopplæringa.

”Planformuleringar representerer intensjons- eller styringsnivået, medan undervisning og opplæringspraksis viser realiseringsnivået”, seier Synnøve Skjong (2011c, s. 141). I dei fire læreplanane eg foreløpig har med i analysen, vert det som vi såg ovanfor stilt ulike krav til kor godt elevane skal kunne bokmål og nynorsk og kva bruksverdi målformene skal ha. Gjennom formuleringane kjem det fram kva måla for faget er og samstundes syner formuleringane oss kva stilling målformene skal ha i faget.

### 4.2.3 Sidemålet si stilling i læreplanane

Læreplanane har òg arbeidsmåtar og rettleiande årsplanar, eller spesifikke kompetansemål knytt til dei ulike trinna i grunnskulen, og desse seier noko om korleis dei overordna måla skal realiserast. Lærarane skal arbeide etter dei og sørge for at måla for kvart trinn vert nådde i løpet av eit skuleår. Ut frå dette kan ein forstå at utforming, formuleringar og innhald i planane har stor innverknad på kva som skal vere ein del av faget, kva stilling ulike emne skal ha og korleis desse skal vektleggast i høve til kvarandre. Med tanke på jamstillingsvedtaket, og sidestillinga av nynorsk og bokmål, bør læreplanen i røynda ha stor innverknad på stillinga til dei to målformene i skulen. For at det skal skje, er ein avhengig av at intensjonane i læreplanane vert realiserte i skulen.



Nokre av planane skil mellom kunnskapskrav i målformene og det er skilnad på kor tidleg læreplanane legg opp til at elevane skal møte sidemålet sitt. Som sitatet ovanfor frå Skjong (2011c) viser, har læreplanane ideelt sett innverknad på korleis norskfaget skal gjennomførast. Lærarane skal jobbe ut frå planane, og realiseringa av det som står i dei skal kunne synast att i klasserommet. Likevel er det viktig å merkje seg at det ikkje treng å vere samsvar mellom prinsipp og praksis.

Dette aspektet kan koplast til den diskursive dimensjonen, då utforminga av læreplanane og kva stilling sidemålet får gjennom denne, kan syne oss korleis forfatarane bak planane har fortolka språkpolitiske mål og uttrykkjer fortolkinga i utforminga av planane.

#### **M74**

I M74 er norskfaget delt opp i seks hovudemne. Sidemålet er eitt av desse. Dei andre hovudemna er ”Høyre og sjå”, ”Munnleg bruk av språket”, ”Lesing”, ”Skriftleg bruk av språket” og ”Språklære”. Her vert altså sidemålet skilt ut som eit *eige hovudemne*, og ikkje inkludert som ein del av den ”ordinære” lese- og skriveopplæringa. I det læreplanen utdjuar om kvart av hovudemna, vert ikkje sidemål nemnt anna enn at i leseopplæringa må elevane få lese ”norsk og utanlandsk litteratur, men den norske bør vere den viktigaste. Dei må få lese poesi og prosa på hovudmålet og sidemålet” (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1974, s. 106). I delen om ”Skriftleg bruk av språket” vert ikkje sidemålet nemnt, men derimot får sidemålet som hovudemne eit eige avsnitt like etterpå. Avsnittet om sidemålet er nokså kort, og det er ingen heilt konkrete mål for kva sidemålet. Omtalen av sidemålet avsluttar med at elevane må få arbeide med sidemålet i sitt eige tempo, og at opplæringa må tilpassast den enkelte elev. Denne utskiljinga av sidemålet som eige hovudemne gjev eit inntrykk av sidemålet som eit vanskeleg emne som elevane må gjennom i tillegg til resten av lese- og skriveopplæringa.

#### **M87**

M87 har ei liknande inndeling av faget som M74. Også i denne planen er sidemålet eit eige område, men det vert sett opp konkrete undervisningsmål knytt til det. Elevane skal få ”kjennskap til litteratur på sidemålet”, ”lære mer om variasjonsbredden i norsk språk”, få ”kjennskap til talemål i forhold til de to skriftspråkene”, ”større forståelse for og akseptering av andres tale- og skriftspråk” og ”lære å uttrykke seg skriftlig på sidemålet” (Kirke- og

undervisningsdepartementet, 1987, s. 145). Vi ser ut frå måla at sidemålsopplæringa i denne planen fannar breitt, og gjev elevane kunnskap om fleire emne knytt til toskriftspråksituasjonen. Det at sidemålet vert skilt ut som eit eige emne i norskfaget, er eit viktig aspekt når det gjeld føringane for sidemålsundervisninga og korleis jamstillingsperspektivet vert realisert i læreplanane. Vert sidemålet av lærarane oppfatta som eit sidestykke til norskfaget elles, eller vert det oppfatta som at ein må ha eit særleg fokus på sidemålet som bruksmål? Dette vil eg kome tilbake til og drøfte meir under punkt 5.5, men dette er altså moglege konsekvensar av ei slik inndeling.

På den eine sida kan inndelinga signalisere at sidemålet er noko *anna* som skal inn i faget, i staden for at det er ein naturleg del av norskfaget. På den andre sida er det som står om sidemålet relativt grundig (M87 i større grad enn M74), og tidleg start og tidleg møte med sidemålet vert presentert som ein del av norskundervisninga. Det som skil planane, er at M87 viser ein progresjon i arbeidet med sidemålet knytt til treårsperiodar i løpet av grunnskulen, medan M74 ikkje har ein liknande plan for progresjon i sidemålsopplæringa. M87 har ein utfyllande plan for sidemålsundervisninga, og formuleringane legg opp til ein tidleg start både når det gjeld lesing og skriving på sidemålet. Slik sett kjem jamstillinga av bokmål og nynorsk sterkare fram i M87, samanlikna med M74.

## **L97**

Ei tilsvarande utskiljing av sidemålet som eit eige emne eller område i norskundervisninga finn vi ikkje i læreplanane frå 1997 og 2006. Her er heller sidemålsundervisninga integrert i dei andre måla for faget. Dersom vi først ser på L97, finn vi tre målområde for kvar av periodane. Desse tre er ”Lytte og tale”, ”Lese og skrive” og ”Kunnskap om språk og kultur”. Planen er delt inn i mål for småsteget, 1.–4. trinn, mellomsteget, 5.–7. trinn, og ungdomssteget, 8.–10. trinn, men har hovudmoment for undervisninga knytte til kvart trinn. Både i M74 og M87 vert det lagt opp til at elevane tidleg skulle få høyre sidemålet gjennom lesing, song og liknande, og i M87 skal elevane også eksperimentere med skriving på sidemålet på mellomtrinnet. I L97 vert ikkje sidemålet nemnt eksplisitt i dei årsspesifikke hovudmomenta før på mellomsteget. ”Elevane skal utvikle varierte lesestrategiar og kunne lese tekstar på bokmål og nynorsk” (Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 120). Etter 6. trinn skal elevane ”Lese tekstar av nyare forfattarar på bokmål og nynorsk, noko på dansk og svensk” (op.cit., s. 122). I løpet av barneskulen er dette dei einaste måla knytt eksplisitt til toskriftspråksituasjonen i L97. I mål for ungdomssteget kjem det litt fleire mål som omhandlar sidemålet, og krava til kompetanse i sidemålet aukar. Skriveopplæringa i

sidemålet kjem inn frå 8. trinn, og elevane skal etter kvart byrje å bruke sidemålet som arbeidsspråk. Vi finn ein klårare progresjon i opplæringa i L97 enn i læreplanane før, noko som kanskje er naudsynt ettersom måla for sidemålsopplæringa er integrert i den ”ordinære” lese- og skriveopplæringa. Eg diskuterer meir kva konsekvensar desse ulike inndelingane kan ha under punkt 5.5.

### **LK06**

L97 sto som den gjeldande i læreplanen i ni år, før den vart erstatta av LK06. Eg var under punkt 4.2.1 inne på at lærarar meinte at L97 var for detaljert, og mange meinte at det var behov for eit systemskifte i skulen. I LK06 er norskplanen delt inn i fire hovudområde. Desse er ”Muntlige tekster”, ”Skriftlige tekster”, ”Sammensatte tekster” og ”Språk og kultur”<sup>1</sup>. Under hovudområdet ”Skriftlige tekster” står det følgjande: ”Eleven utvikler skrivekompetanse gjennom å lese og lesekompetanse gjennom å skrive. Dette skjer gjennom arbeid med ulike sjangere på bokmål og nynorsk med økende krav til forståelse og sammenhenger mellom tekstenes form og funksjon” (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 3). Her vert begge målformene inkludert i det som vert skrive om lese- og skriveopplæringa under hovudområda for faget. Under ”Språk og kultur” vert det norske språket omtala som ein heilskap, og elevane skal utvikle ei forståing av norsk språk, både som eit system og som eit bruksspråk (ibid.).

Det er sett opp kompetansemål til kvart av hovudemna etter 2., 4., 7. og 10. årstrinn i LK06. Toskriftspråkssituasjonen vert først nemnt i kompetansemåla for 4. årstrinn. Under ”Språk og kultur” står det at mål for opplæringa er at eleven skal kunne ”samtale om et utvalg sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr fra fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre kulturer” (op.cit., s. 7). Elevane skal altså møte begge målformer seinast på fjerde trinn.

Etter 7. årstrinn står det under ”Skriftlige tekster” at eleven skal kunne ”lese lengre norske og oversatte skjønnlitterære tekster, barnelitteratur og sakprosaetekster på bokmål og nynorsk og uttrykke forståelse og leseopplevelser” (ibid.). I LK06 skal elevane byrje med skriveopplæring i begge målformene etter 7. årstrinn, og når elevane tek til på ungdomsskulen, skal dei ”lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspreget på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle,

---

<sup>1</sup> I den reviderte utgåva av LK06 er desse omgrepa endra. Her er hovudområda ”Muntlig kommunikasjon”, ”Skriftlig kommunikasjon” og ”Språk og litteratur” (Utdanningsdirektoratet, 2013).

forteljing, dikt, dramatekst og kåseri” og ”uttrykke seg presist og med et variert og nyansert ordforråd i ulike typer tekster på bokmål og nynorsk” (op.cit., s. 9). Desse døma illustrerer at begge målformene er sidestilt i kompetansemåla for norskfaget gjennom heile planen. I tillegg finn vi her ein samla og klår progresjon for opplæringa i dei to målformene, og planen står fram som meir heileskapleg og oversiktleg.

For å oppsummere har L97 og LK06 i motsetnad til M74 og M87 ikkje sett opp sidemålet som eit eige hovudemne. Som vi har sett, integrerer L97 og LK06 sidemålet i resten av måla for opplæringa i ulike norskfaglege emne. I måla for skrive- og leseopplæringa vert begge målformene tekne med, og såleis unngår ein det klare skilje mellom målformene som ein finn i M74 og M87. Vi finn med andre ord ei utvikling i korleis planane legg opp til progresjon i arbeid med sidemålet. I M74 er ein tydeleg progresjon fråverande, medan det i avsnittet som handlar om sidemålet i M87, er tydlegare når elevane skal møte sidemålet, kva innhaldet i undervisninga skal vere, kva måla er. I tillegg er sett opp ein progresjonsplan for sidemålsopplæringa. L97 viser òg ein tydeleg progresjon i opplæringa, og her er elevane si utvikling som sidemålsbrukarar innlemma i resten av planen. LK06 er den planen som er klårast og mest oversiktleg når det gjeld progresjon i faget, og då utan at den skil mellom hovudmål og sidemål.

#### **4.2.4 Legitimering**

Det neste aspektet ved læreplanane eg vil analysere, er korleis læreplanane legitimerer toskriftsspråksituasjonen i norskfaget og opplæringa i dei to målformene. I undersøkinga av legitimering ser eg på kva kontekst sidemålet går inn i, og kva sidemålet skal brukast til. Legg planen opp til at elevane skal kunne ha sidemålet som eit bruksmål, på line med hovudmålet, eller skal sidemålet først og fremst ha ein kulturell verdi som gjer elevane medvitne og tolerante overfor toskriftspråksituasjonen. Dette kan på same måten som det førre aspektet vere eit uttrykk for den diskursive dimensjonen. Grunngevingar for kvifor det er viktig at elevane får opplæring i to målformer speglar fortolkingar av språkpolitiske mål og dei sosiale tilhøva knytt til toskriftspråksituasjonen.

#### **M74**

Avsnittet om sidemålet i M74 opnar slik: ”Sidemålsopplæringa skal gje elevane kjennskap til dei tale- og skriftnormer som blir brukte av andre landsmenn” (Kyrkje- og

undervisningsdepartementet, 1974, s. 109). Vidare står det at grunnlaget for sidemålsundervisninga ligg i talemålet og dei mange dialektane vi har i Noreg. Her vert ein introdusert for den norske skriftspråksituasjonen, samstundes som tale og skrift vert sett i samanheng. Dette skal elevane ha kjennskap til, og opplæringa skal skape større respekt for ulike talemål. Med tanke på legitimeringsaspektet vert toskriftspråksituasjonen her sett i eit tale-skrift-forhold, med talemålet som utgangspunkt. Ser ein samstundes på kva sidemålet skal brukast til, er det ifølgje M74 å gje elevane kjennskap til tale- og skriftnormer som vert brukte elles i landet.

Noko ein kan merkje seg i avsnittet om sidemålet, er at det står at ”læraren må tidleg lese høgt for dei rim og regler, små vers, enkle forteljingar og barnebøker på sidemålet” (ibid.). Likevel, ”[e]in må ikkje krevje at elevane skal lese tekstar på sidemålet før ordbileta har festa seg i hovudmålet” (ibid.). M74 legg altså opp til at elevane skal møte sidemålet tidleg, men berre gjennom lytting. Når det gjeld kva krav ein kan stille til elevane, så er planen formulert ut frå eit ”eitt språk om gongen- perspektiv”. Det vil seie at før elevane kan hovudmålet nokolunde skikkeleg kan ein ikkje krevje at elevane skal kunne bruke sidemålet. Altså lærer ein eitt språk først, og deretter kan ein lære eit nytt. M74 legitimerer at faget har opplæring i to målformer, men samstundes vert det framheva at hovudmålet skal lærast først, noko som gjer at vi som lesarar kan tolke teksten i retninga av at den eine målforma er viktigare enn den andre.

Elevane skal etter kvart lese tekstar på sidemålet, og det skriftlege kravet i M74 er å ”prøve å lage små fristilar eller gje att hovudinnhaldet av ei forteljing” (ibid.). M74 stiller ikkje krav til at sidemålet skal vere eit bruksmål for elevane, og slik formuleringane er i planen, er det vage mål for kva sidemålet skal brukast til. Sidemålsundervisninga skal gjere elevane kjende med tale- og skriftnormene som fins i Noreg, og legitimeringa av sidemålet i eit dialektperspektiv er det som er grunnlaget for sidemålsundervisninga etter M74.

Denne koplinga mellom dialektane og skriftspråket kan koplast til det nasjonale perspektivet ved læreplanane. Språkmangfaldet som vert omtala i M74 kan seiast å bygge på det tradisjonelle nasjonsbyggande norskfaget, då nettopp språket var ein sentral del av nasjonsbygginga som gjekk føre seg på 1800-talet. Dette kjem eg tilbake til i drøftinga i kapittel 5.

## M87

”Gjennom undervisningen i sidemålet skal elevene få kunnskap om den andre av de to likestilte målformene i norsk”, står det i M87 (Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s. 145), og det er slik avsnittet om hovudemnet *Sidemålet* opnar. Her vert det slege fast at dei to norske målformene er sidestilte, og at det ikkje er nok å lære elevane berre den eine av målformene. Allereie i opningssetninga kjem legitimeringa av sidemålsopplæringa fram. Ifølgje måla for sidemålsopplæringa skal elevane lære om sidemåls litteratur, språkmangfald og tilhøve mellom målformene og skrivning på sidemålet (jf. punkt 4.2.3). Vi ser at sidemålsopplæringa, slik den vert lagt opp til i M87, famnar breitt og at den er meir konkret og målretta samanlikna med planen frå 1974 ved at desse konkrete måla er sette opp.

Også i M87 vert toskriftspråkssituasjonen sett i samanheng med dialektmangfaldet i Noreg. Det ser vi i måla for sidemålsundervisninga, og det vert trekt fram vidare i planen. Elevane skal først leggje merkje til at det vert brukt ulike dialektar i talemålet, og så bruke dette til å verte kjende med skilnadar og likskapar i målformene. I tillegg vert det trekt fram at ”[i] distrikter der nynorsk er sidemål, og talemålet ligger nært opp mot denne formen, bør elevene kunne dra nytte av sin egen dialekt som bakgrunn for å lære skriftlig sidemål” (ibid.). Vi ser at konteksten rundt opplæringa i bokmål og nynorsk i er dialektar og talemål, og at toskriftspråkssituasjonen vert legitimert i lys av denne konteksten. Dette er eit fellestrekk ved dei M74 og M87.

Som i M74 er tidleg møte med sidemålet trekt fram i M87. Her vert den tidlege starten sett saman med *Lesing av tekster på sidemålet*:

I utgangspunktet kjenner elevene til sidemålet og forstår det meste av det som blir sagt eller skrevet på den målformen. Elevene bør tidlig få høre sidemålstekster og syngje sanger på sidemålet og på dialekt. Elevene lesar selv sidemålstekster frå 3.-4. klasse. [...] Elever med bokmål som hovudmål må spesielt oppmuntres til å lese barne- og ungdomsbøker på nynorsk. (ibid.)

Bokmål er målforma med den sterkaste stillinga i Noreg, og flest elevar har bokmål som hovudmål. Jamstillinga av bokmål og nynorsk handlar om at begge målformene skal ha eit utgangspunkt som offisielle språk. Sidan tendensen er at tala på nynorskbrukarar går nedover, noko det gjorde allereie på 80-talet (etter eit oppsving på slutten av 70-talet og byrjinga av 80-talet), er det interessant at det vert trekt fram at særleg elevar med bokmål som hovudmål bør lese meir sidemåls litteratur. Sitatet ovanfor viser at det i norskfaget kan leggest til rette for tiltak som kan vere kompensierende for det manglande nynorsktilfanget bokmålelevane

møter. Såleis legg M87 opp til å styrkje nynorsk som sidemål, og gjere lærarane medvitne om skilnaden mellom vilkåra for bokmål og nynorsk. Dette utdraget frå norskplanen viser òg at nynorsken vert via ekstra merksemd sidan det er den målforma som står svakast av dei to, og at høvet mellom bokmål og nynorsk vert brukt som eit legitimeringsgrunnlag.

I løpet av dei tre første åra skal elevane få kunnskap om skiljet mellom dialekt, nynorsk og bokmål (ibid.). Igjen kjem koplinga mellom dialekt og skriftspråk fram. Etter 4.–6. trinn skal elevane mellom anna få ”[u]tvidet kjennskap til hva som er likt og ulikt i de to målformene” (op.cit., s. 146). Mot slutten av grunnskulen skal elevane kunne bruke sidemålet i eigne tekstar. Såleis er det eit krav om sidemålet som bruksmål i M87, i motsetnad til M74, og progresjonen i sidemålsopplæringa fram mot skrivekompetansen vert grunngeven i to likestilte målformer og tilhøvet mellom skrift og tale i norsk språk.

I det heile er M87 grundigare og meir konkret enn M74. Dette kan tyde på eit auka medvit om toskriftspråkssituasjonen i norskfaget, og at det vert gjeve tydelege føringar for korleis det bør takast omsyn til han i undervisninga. Trass i desse ulikskapane, finn vi ei legitimering av sidemålsopplæringa i koplingane mellom språkhistorie, dialekt og skriftspråk i begge planane, jamfør det nasjonale perspektivet eg nemnde i samband med M74.

## **L97**

Etter L97 skal elevane møte sidemålet tidleg for å verte kjende med språket og verte kjende med det som eit bruksspråk. Vi har sett at krava til sidemålskompetanse er ulikt i M74 og M87. Målet for sidemålsopplæringa i L97 er at elevane skal nå ein kompetanse som gjer dei i stand til å nytte sidemålet som eit bruksspråk. Når det gjeld læringsmål for dei ulike trinna, vert ikkje bokmål/nynorsk eller sidemål/hovudmål omtala før i læringsmåla for mellomsteget, 5.-7. trinn. Her står det under ”Lese og skrive” at elevane skal ”utvikle varierte lesestrategiar og kunne lese tekstar på både bokmål og nynorsk”. (Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 120). På barnetrinnet skal sidemålet brukast i samband med lesing, og slik skal elevane vert kjende med dette. Når det gjeld kva krav L97 stiller til å skriftleg bruk av sidemålet, vil vi kunne sjå at desse er høgare enn kva dei var i M74 og M87. Til dømes står det i måla for 8. trinn at elevane skal ”byrje å bruke sidemål som arbeidsspråk, arbeide med teiknsetjing og arbeide grundig med å tileigne seg korrekt ortografi i hovudmål” (Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 126). Dette betyr at elevane skal gå frå å lese tekstar på sidemålet til å kunne bruke det som arbeidsspråk. Det er eit stort steg på kort tid. Men kvifor skal elevane ha denne kompetansen i sidemålet?

Ser vi på kva som eg grunnlaget for sidemålsopplæringa i L97 kan vi i måla for 8. trinn sjå at elevane skal ”finne ut noko om korleis talemålet i Noreg har endra seg og kva som har påverka talemålsutviklinga. Bli kjende med språkarbeida til Ivar Aasen og Knud Knudsen og utviklinga av nynorsk og bokmål” (op.cit., s. 126). Her dukkar koplinga mellom dialektane og målformene opp – den same koplinga som vi finn i M74 og M87.

Eitt av måla under *Kunnskap om språk og kultur* for 10. trinn er at elevane skal ”[u]ndersøkje språkleg variasjon i Noreg, som til dømes dialektar og sosiolektar, og drøfte den språkpolitiske situasjonen” (op.cit., s. 129). Dette målet er eit viktig punkt i planen når det gjeld jamstillingsvedtaket. Her må toskriftspråksituasjonen takast opp, og både lærarar og elevar vil verte merksame om tilhøvet mellom den språklege variasjonen i norsk språk og språkpolitikken. Det at elevane skal drøfte den språkpolitiske situasjonen, gjer at dei må vere medvitne om dei to målformene og ha kjennskap til dei. Dette kan ein sjå på som eit grep i L97 som bidreg til realisering av jamstillinga av bokmål og nynorsk, og såleis òg som eit legitimeringsgrunnlag for toskriftspråksopplæringa.

Vi finn eit interessant punkt med tanke på legitimeringa av toskriftspråksopplæringa under måla for *Lese og skrive* for ungdomstrinnet som også kan koplast til den språkpolitiske situasjonen: ”Dei skal kunne lese og skrive på nynorsk og bokmål for aktivt å kunne vere med i ein nasjonal skriftkultur” (op.cit., s. 124). Dette grunnjev og forankrar opplæringa i toskriftspråkskulturen som elevane skal verte kjende med. M74 og M87 brukte dialektane og det nasjonalspråklege mangfaldet som grunnlag for sidemålsopplæringa. Det gjer òg L97, men her vert og omgrepet *nasjonal skriftkultur* innført. Dette kan tolkast som ei utsegn om ein felles skriftkultur der tekstar på begge målformer inngår, og at elevane skal undervisast med det som grunnlag, for å kunne ta del i han. Vi ser at også i L97 kjem det nasjonale perspektivet fram i legitimeringa. At elevane skal verte ein del av ein nasjonal skriftkultur byggjer opp under tanken om det nasjonsbyggande norskfaget.

## **LK06**

Tidlegare i analysen har vi sett at i mål for faget i LK06 vert jamstillinga av bokmål og nynorsk trekt fram, og elevane skal lære å skrive både bokmål og nynorsk. Dei to offisielle skriftspråka, dialektar, sosiolektar og andre språk er det som dannar det norske språkmangfaldet, og i LK06 vert denne språksituasjonen brukt for å legitimere opplæringa i både bokmål og nynorsk. Her vert òg eit fleirkulturelt mangfald trekt inn, noko som er nytt i LK06 samanlikna med dei føregåande planane. Dette er noko eg kjem tilbake til i drøftinga i



kapittel 5. Språkmangfaldet ligg altså til grunn for toskriftspråksopplæringa, og i planen står det: ”Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å skrive både bokmål og nynorsk” (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 2).

Jamstillingsvedtaket vert også brukt direkte for å legitimere kvifor elevane skal lære å skrive både bokmål og nynorsk. Dette ser vi i kompetansemåla for 10. trinn under hovudemnet ”Språk og kultur”. Det vert her sett opp som mål at elevane skal kunne ”forklare bakgrunnen for at det er to likestilte norske skriftspråk og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag” (op.cit., s. 9). Denne legetimeringa syner att i spesifikke kompetansemål, både gjennom omgrepsbruk, ved at omgrepa bokmål og nynorsk vert brukt, og gjennom konkret arbeid med språkpolitikk.

Det vert som sagt ikkje skilt mellom bokmål og nynorsk i LK06, og elevane skal ifølgje denne læreplanen kunne begge målformene like godt<sup>2</sup>. Skjong (2011b) skriv at: ”LK06 legg grunnlag for ein annan type norskopplæring, ikkje minst fordi omgrepa hovudmål og sidemål berre er brukte i denne planen når det gjeld vurdering, og i reglar for fritak for vurdering i forskrifta til opplæringslova” (s. 43). Dette med omgrepsbruk er noko eg går nærare inn på i neste delkapittel, men når det gjeld legitimering av tospråksopplæringa i LK06, er dette eit sentralt poeng å ha med. I kompetansemåla for dei ulike trinna, vert bokmål og nynorsk omtala saman, og elevane skal møte målformene i det dei les, når dei skal skrive, dei skal verte kjende med likskapar og ulikskapar mellom målformene, og dei skal få kunnskap om språksituasjonen og bakgrunnen for sidestillinga av målformene. Sjølv om omgrepa hovudmål og sidemål ikkje vert brukt i LK06, kan ein seie at kravet til elevane ut frå denne planen er at det dei kan i hovudmålet, skal dei òg kunne i sidemålet. Dei høge krava frå L97 er vidareført.

I LK06 vert det peika på at lesing og skriving er parallelle prosessar i opplæringa. Det vil seie at skrivekompetansen vert utvikla gjennom lesing, og lesekompetansen vert utvikla gjennom å skrive: ”Dette skjer gjennom arbeid med ulike sjangere på bokmål og nynorsk med økende krav til forståelse for sammenhenger mellom tekstenes form og funksjon [...] Det er også lagt vekt på elevens forståelse av sin egen utvikling som leser og skriver” (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 3). Benthe Kolberg Jansson (2011) brukar omgrepet ”funksjonell toskriftspråklegheit” i det ho skriv om LK06: ”Læreplanen i norsk i

---

<sup>2</sup> Omgrepsbruken er noko endra i revisjonen av 2013. Dette vert omtala meir under punkt 4.2.6.

Kunnskapsløftet legg opp til at alle som følgjer denne, med nokre få unntak [...] skal lære å skrive både nynorsk og bokmål. Slik dette er formulert i læreplanen, vert det lagt opp til de vi kan kalle «funksjonell toskriftspråklegheit» (s. 25). Altså skal elevane kunne *bruke* både bokmål og nynorsk, og det at det vert peika på at lesing og skriving er parallelle prosessar, legitimerer det at elevane treng opplæring i både bokmål og nynorsk. I tillegg legitimerer det at termene bokmål og nynorsk er sidestilte i læreplanen.

Under hovudemnet ”Språk og kultur” for 7. trinn står det at eleven skal kunne ”forklare noen likheter og forskjeller mellom muntlig og skriftlig språk, både nynorsk og bokmål”, og under skriftlege tekstar same år står det at elevane skal kunne ”eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk, dialekt og gruppespråk” (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 8). Koplinga mellom munnleg og skriftleg norsk språk som vi finn i dei føregåande planane, finn vi òg i LK06. Ved at elevane skal eksperimentere med skriving på bokmål og nynorsk, samt dialekt og gruppespråk, kan elevane verte medvitne på samanhengen mellom tale og skrift, og språkmangfaldet vi har i Noreg.

Det som er felles for alle dei fire planane, er koplinga mellom talemål og skriftspråk, dialektar og målformer. Alle planane brukar på ulike vis denne koplinga for å legitimere sidemålet. Kva målet med sidemålsopplæringa er, er ulikt i læreplanane. Medan M74 har nokså vage mål med sidemålsundervisninga, stiller M87 krav om at elevane skal ha kunnskap om den andre av dei to likestilte målformene i norsk, og at elevane skal kunne uttrykkje seg skriftleg på sidemålet. Krava vert auka med L97. Her er kravet at elevane skal verte kjende med sidemålet som bruksspråk og kunne ha sidemålet som arbeidsspråk på ungdomsskulen. Dei høge krava er vidareført i LK06 med kravet om at elevane skal kunne lese og skrive både bokmål og nynorsk integrert i arbeid med ulike delar av norskfaget. Berre LK06 og M87 skriv eksplisitt om den offisielle jamstillinga av bokmål og nynorsk, og LK06 brukar i stor grad jamstillinga som legitimering for toskriftspråksopplæringa. L97 set sidemålet som ein viktig del av den nasjonale skriftkulturen, noko i seg sjølv legitimerer sidemålemnet i norskfaget.

#### **4.2.5 Omgrepsbruk**

Det siste aspektet eg har nytta i analysen er bruk av termar og omgrep. Eit ord kan vere verdiladd, og orda ein vel å bruke kan ha ulik verdi for dei som les teksten. Når det gjeld tospråkssituasjonen i læreplanane, er særleg omgrepspara *hovudmål og sidemål og bokmål og nynorsk* interessante å sjå nærare på. Kva omgrep og termar ein vel å bruke i ein tekst har altså mykje å seie for korleis lesaren oppfattar teksten og intensjonane bak han, noko som gjer

at dette aspektet kan seiast å representere den tekstuelle dimensjonen. Når det gjeld jamstillinga av bokmål og nynorsk i norsklæreplanane, er denne omgrepsbruken sentral for korleis dei to målformene står fram både i høve til kvarandre og som sjølvstendige bruksmål.

### **M74**

Mønsterplanen frå 1974 nyttar hovudsakleg termene sidemål og hovudmål. Berre i dei overordna måla for faget, og under det som står om sidemålsopplæring for 8. trinn, vert målformene omtala som bokmål og nynorsk. Elevane skal ”utvide kjennskapen til norsk språk, nynorsk og bokmål”, og ”[e]in bør arbeide med å finne likskap og ulikskap mellom bokmål og nynorsk når det gjeld ordval og ortografi”, heiter det i M74 (Kyrkje- og undervisningsdepartementet, 1974, s. 96–102). Med unntak av dette er det termene sidemål og hovudmål som vert nytta i denne planen.

Som eg har vore inne på tidlegare er sidemålet eit eige emne i M74 og har eit eige avsnitt. Dei to målformene vert ikkje nemnt eksplisitt i planen elles, men i dette avsnittet vert *sidemål* brukt til å omtale den eine av målformene. Dette kan på den eine sida tolkast som at M74 skil ut sidemålet som noko som kjem i tillegg til den ”vanlege” lese- og skriveopplæringa. På den andre sida kan dette tolkast som at sidemålet får eit spesielt fokus for å ikkje verte ”vekk” i resten av innhaldet i norskfaget. Dette er noko eg drøftar meir i kapittel 5.

### **M87**

Vi kan finne fleire likskapar mellom M74 og M87. Vi har sett at begge planane har sidemål som eige hovudemne i faget, og på same måte som i M74, vert termene hovudmål og sidemål brukt i M87 i omtale av målformene. I dei konkrete måla for kva elevane skal kunne er det berre sidemåls- og hovudmålsomgrepa som vert brukte. Skjong (2011b) peikar på det faktum at ”[t]idlegare læreplanar har omtalt nynorsk og bokmål i eit hovudmåls- og sidemålspektiv sidan obligatorisk opplæring og vurdering i to målformer vart innført med niårig skole i 1969” (s. 43), og viser til Kamil Øzerk (2006) som skriv at vi i Noreg ”har vært fiksert i den såkalte 'sidemålsproblematikken’” (s. 58). Trass i at bokmål og nynorsk er to variantar av norsk, så har ein forståingsferdigheiter i den andre målforma uansett om ein har bokmål eller nynorsk som hovudmål. utfordringa ligg i å utvide produktive ferdigheiter i begge målformene i staden for å sjå på målformene som to separate skriftspråk (ibid.). Det er

dette som ligg i sidemålsproblematikken. Det at omgrepsbruken er som den er i desse to planane, kan såleis vitne om denne problematiseringa av toskriftspråksituasjonen i norskfaget som Skjong og Øzerk omtalar.

### **L97**

I L97 finn vi ein litt annan bruk av termene enn i dei to føregåande planane. I denne planen vert det veksla mellom bruk av omgrepspara bokmål og nynorsk, og sidemål og hovudmål. I motsetnad til M74 og M87 som brukte nesten berre sidemål og hovudmål i omtale av målformene, nyttar L97 seg berre av sidemålsomgrepet under *Arbeidsmåtar i faget*. Der vert lagt vekt på at elevane skal møte sidemålet tidleg og at dei skal få erfaring med sidemålet som eit bruksspråk. Vidare vert omgrepsparet hovudmål/sidemål brukt i måla for 8. og 9. trinn. I eitt av måla for 8. trinn skal elevane ”byrje å bruke sidemål som arbeidsspråk, arbeide med teiknsetjing og arbeide grundig med å tileigne seg korrekt ortografi i hovudmålet” (Kirkeutdannings- og forskingsdepartementet, 1996, s. 126). Med unntak av desse døma, er bokmål og nynorsk termene som vert brukt i L97. På den måten unngår ein inntrykket av den sentrale og mindre sentrale målforma. Dette vert det òg peika på i Skjong (2011a) der det vert trekt fram at denne endringa i omgrepsbruken frå M74 og M87 og fram til L97 kan verte sett på som eit positivt trekk med tanke på jamstillinga av bokmål og nynorsk i læreplanane, og dermed òg som bruksspråk i skulen:

Ved at L97 bruker omgrepet sidemål svært lite i norskplanen og i staden nyttar nynorsk og bokmål, peiker planen i ein viss forstand fram mot omgrepsbruken i norskplanen i LK06. Slik kan L97 oppfattast som eit steg på vegen mot ei reell jamstilling av dei to norske skriftspråka i didaktisk perspektiv. (s. 75)

Trass i dette, er det andre trekk ved denne planen som ifølgje Skjong gjer at planen ikkje tek steget vidare mot jamstilling av målformene. Ho peikar på at formuleringa om tidleg skrivestart på sidemålet ikkje er ført vidare frå M87, og at L97 generelt er lite eksplisitt når det gjeld dei to skriftspråka. ”Derfor kan det reisast tvil om at denne planen verkeleg førte til meir jamstilt meistring av lesing og skiving av dei to norsk skriftspråka for alle elevar” (ibid.). Så sjølv om omgrepsbruken spegla eit språkpolitisk mål om å styrkje jamstillinga av bokmål og nynorsk, så var det andre trekk som medverka i den andre retninga.

## LK06

Omgrepsbruken i L97 kunne altså oppfattast som eit grep for ei meir reell jamstilling av bokmål og nynorsk, og den peika fram mot omgrepsbruken i den påfølgjande norsklæreplanen. Dette fører oss vidare til LK06, *Kunnskapsløftet*. I denne norsklæreplanen vert ikkje omgrepa sidemål og hovudmål brukt anna enn i det som handlar om eksamensordninga etter 10. trinn. Ifølgje kompetansemåla skal elevane lære å skrive bokmål og nynorsk, ikkje hovudmål og sidemål, og der den eine målforma vert omtala, vert også den andre tatt med. Altså vert bokmål og nynorsk brukt saman i LK06. Skjong (2011b) skriv at den tidlegare bruken av hovud- og sidemålspektivet i læreplanane har ført til ei problematiseringa av toskriftspråkssituasjonen i norskfaget. Det at LK06 ikkje brukar omgrepa hovudmål og sidemål i kompetansemåla, kan altså sjåast som eit grep for å styrke jamstillinga av bokmål og nynorsk i norskfaget:

I kompetansemåla for norskfaget 1.-10. trinn er omgrepa nynorsk og bokmål brukte. Gjennom denne omgrepsbruken blir det heilt tydeleg at norsk skriftspråk alltid er realisert gjennom to normsystem. Blir norsk brukt som språknemning for skriftspråk, omfattar altså dette både bokmål og nynorsk. (s. 43)

Omgrepsbruken legg dermed til rette for at begge målformene kjem inn som ein naturleg del av norskfaget, og vert ein del av kompetansen som elevane skal opparbeide seg.

Vi har no sett at omgrepsbruk i ein tekst som læreplanen er viktig for korleis kjerneomgrep kjem fram, og korleis vi fortolkar teksten ut ifrå omgrepa. Også her finn vi tydlege skilnadar mellom læreplanane. I M74 og M87 er sidemålet eige emne i norskfaget, og termene sidemål og hovudmål er dei som hovudsakleg vert brukt for å omtale dei to målformene – med dei assosiasjonane det gjev. I L97 er dette litt endra. Her er for det første ikkje sidemålet eit eige emne lenger, og for det andre vert det veksla mellom bruken av hovudmål/sidemål og bokmål/nynorsk. LK06 vart laga for å fornye heile læreplanverket, og mykje vart endra i høve til L97. I LK06 er ikkje omgrepa hovudmål og sidemål brukt. I staden vert målformene omtala som nynorsk og bokmål, og dei vert omtala saman, slik at dei står fram som to likeverdige delar av det norske språket og av norskfaget. Utviklinga i omgrepsbruken kan difor seiast å ha medverka til ei styrkja jamstilling av målformene i planane slik det var formulert i LK06.

#### **4.2.6 Den reviderte utgåva av Kunnskapsløftet frå 2013**

Vi har sett at det er trekk ved læreplanane som skil dei frå kvarandre, og at jamstillinga kjem fram på ulike måtar i planane frå 1974 og fram til 2006. I august 2013 tok den reviderte utgåva av Kunnskapsløftet til å gjelde. I det følgjande trekkjer eg fram dei same aspekta som eg har brukt ovanfor, og ser på kva endringar som er gjort i den gjeldande læreplanen i høve til dei føregåande planane.

##### ***Toskriftspråksituasjonen og måla for norskfaget***

I 2013-utgåva av Kunnskapsløftet vert det trekt fram at bokmål og nynorsk er likestilte skriftlege målformer, og på same måte som i LK06 vert dialektar og talemål trekt inn i samband med det språklege mangfaldet i Noreg: ”Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal barn og unge få et bevisst forhold til språklig mangfold, og lære å lese og skrive både bokmål og nynorsk” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 2). Målet i denne læreplanen er at elevane skal få eit godt grunnlag for meistring av begge målformene i samfunns- og yrkesliv. Mykje er likt i LK06 og den reviderte utgåva når det gjeld toskriftspråksituasjonen i dei overordna måla for faget.

##### ***Sidemål si stilling i læreplanane***

I denne planen er det tre hovudemne: ”Muntlig kommunikasjon”, ”Skriftlig kommunikasjon” og ”Språk, litteratur og kultur”. Under dei to sistnemnde hovudområda vert det norske språket tematisert. ”Hovedområdet skriftlig kommunikasjon handler om å lese og skrive norsk”, og ”Elevene skal utvikle en selvstendig forståelse av norsk språk og litteratur” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 3). I revideringsprosessen vart arbeidet grunngeve i lys av mellom anna *St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og mening – ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. I denne meldinga vert det gjort greie for omgrepet *prinsippet nynorsk*, som eg nemnde i kapittel 1: ”Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt [...] Dette er kalla prinsippet nynorsk” (Kulturdepartementet, 2008, s. 82). Dette tyder at når norsk språk vert omtala inneber det *både* bokmål og nynorsk, og ikkje berre ei av målformene. Eg kjem nærare inn på dette prinsippet under punkt 5.3.

Målformene vert ikkje nemnde eksplisitt i hovudområda i planen, men det norske språket vert altså omtala i heilskap. Denne omtalen kan ein då setje i samband med det som i *Mål og mening* vert kalla *prinsippet nynorsk*. Såleis vert det lagt opp til at elevane skal lære

å lese og skrive bokmål og nynorsk, samt utvikle forståing av bokmål og nynorsk. Eg går meir inn på denne stortingsmeldinga og språkpolitikk i kapittel 5.

I kompetansemåla i norsklæreplanen frå 2013 vert toskriftspråkssituasjonen omtala etter alle årstrinna. Allereie etter 2. trinn vert bokmål og nynorsk omtala. Dette er ei endring frå dei tidlegare læreplanane, der toskriftspråkssituasjonen kom inn ved seinare årstrinn. I eit kompetansemål under ”Muntlig kommunikasjon” etter 2. trinn står det at elevane skal ”lytte til tekster på bokmål og nynorsk og samtale om dem” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 6). Toskriftspråkssituasjonen kjem inn tidlegare i denne læreplanen enn det den gjer i LK06, noko som kan knytast opp mot eitt av måla bak revideringa – å gjere det klårt i kompetansemåla at elevane skal få opplæring i begge målformene (Utdanningsdirektoratet, 2012b, s. 3–4). Det tidlege møtet med begge målformene vert følgt opp av kompetansemål knytt til kunnskap om det norske språkmangfaldet, leseopplæring og etter kvart skriveopplæring. Etter 7. trinn skal elevane kunne ”eksperimentere med skriving av enkle tekster på sidemålet” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 8). Møtet med skriving på begge målformene kjem på same tid som i LK06.

### ***Legitimering***

I den gjeldande læreplanen vert det peika på at ”bokmål og nynorsk er likestilte skriftlege målformer” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 2). Jamstillinga vert eksplisitt omtala, og er ei tydeleg legitimering av toskriftspråksopplæringa. Legitimeringa kjem òg til syne i omtale av det språkelege mangfaldet. Dette er noko vi kjenner att frå dei føregåande planane. Her vert talemålsvariasjon, og språkvariasjon nemnt, og på same måte som i LK06, er dette grunnlaget for at elevane skal ”lære å lese og skrive både bokmål og nynorsk” (ibid.). I same avsnitt vert toskriftspråksopplæringa grunnjeven i at elevane skal styrkje den språkelege tryggleiken og identiteten sin, samt utvikle språkforståinga si. Identitet, respekt, aksept og forståing er legitimeringsgrunnlag vi også finn att i tidlegare læreplanar.

Det språkelege mangfaldet kjem fram i kompetansemåla òg. Mellom anna står det under hovudemnet ”Språk, kultur og litteratur” etter 2. årstrinn at elevane skal kunne ”samtale om begrepene dialekt, bokmål og nynorsk” (op.cit., s. 6). Her vert dialektane og målformene sett i samanheng, og dette er noko som kjem att ved seinare årstrinn, som til dømes etter 10. årstrinn då elevane skal kunne ”gjøre rede for noen kjennetegn ved hovedgrupper av talemål i Norge, og diskutere holdninger til ulike talemål og til de skriftlige målformene nynorsk og bokmål” (op.cit., s. 9). Dette vert følgt opp av målet om at elevane skal kunne ”forklare

bakgrunnen for at det er to likestilte norske målformer, og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag” (ibid.). Koplinga mellom talemål og skriftspråk, og det språklege mangfaldet er trekk som vi finn i alle læreplanane i analysen.

Når det gjeld kva sidemålet skal brukast til, er målet at elevane skal lære å lese og skrive på sidemålet. Dette er eit krav som vi òg finn i LK06, men i den gjeldande planen er krava justert ned. Eit døme på det er at den reviderte planen set opp kompetansemål etter 7. trinn som seier at elevane skal kunne ”eksperimentere med enkle tekstar på sidemålet” (op.cit., s. 8). LK06 har ikkje eit liknande ”startpunktet” for skriving på *sidemålet*, men omtalar begge målformer samla gjennom heile planen. Dette kan tolkast som at begge målformer skal vere ein del av skriveopplæringa gjennom heile skuleløpet, og at det difor vert stilt like krav til kompetanse i begge målformene.

I LK06 legg formuleringane opp til at elevane skal kunne skrive bokmål og nynorsk. I den gjeldande planen er tilhøvet justert, slik at krava til skriftleg hovudmål er høgre enn i skriftleg sidemål. Likevel, elevane skal kunne ”skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovudmål og sidemål med begrunnende synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium” (op.cit., s. 9). I ”Grunnleggende ferdigheter”, under avsnittet om det å kunne skrive, står det:

Norskfaget har et særlig ansvar for å utvikle elevenes evne til å planlegge, utforme og bearbeide stadig meir komplekse tekster som er tilpasset formål og mottaker. Utviklingen av skriftlige ferdigheter i norskfaget forutsetter systematisk arbeid med formelle skriveferdigheter, tekstkunnskap og ulike skrivestrategier. Det innerbærer å kunne uttrykke seg med stadig større språklig sikkerhet på både hovudmål og sidemål. (op.cit., s. 5)

Målet for sidemålsopplæringa i den gjeldande planen er altså at elevane skal ha gode skriftlege ferdigheiter i sidemålet, i tillegg til i hovudmålet, og dette vert grunngeve i at vi i Noreg har stor språkleg variasjon og at bokmål og nynorsk er likestilte skriftlege målformer.

### ***Omgrepsbruk***

I høyringsnotatet frå Utdanningsdirektoratet vert det skrive at eit av dei viktigaste måla med revisjonsarbeidet ”er å styrkje skrivekompetansen i hovudmålet for alle elevane” (Utdanningsdirektoratet, 2012b, s. 3). Endringar i omgrepsbruken, samanlikna med LK06, viser at framlegga om å styrkje skrivekompetansen i hovudmålet har fått gjennomslag. I LK06 såg vi at omgrepsbruken sidestilte målformene, og at der den eine målforma vart nemnd, vart òg den andre nemnd. Og i tillegg vart ikkje omgrepa sidemål og hovudmål nytta, anna enn i



det som sto om vurderingsordninga, og omgrepa bokmål og nynorsk i staden brukt til å omtale målformene. Denne måten å sidestille målformene på er delvis vekke i den reviderte utgåva frå 2013. I den gjeldande læreplanen er omgrepsbruken slik at der det er snakk om lesing, vert omgrepa bokmål og nynorsk brukt. Hovud- og sidemålsomgrepa vert brukte i måla som handlar om skriveopplæringa. Til dømes står det i eit kompetansemål etter 4.årstrinn at elevane skal kunne ”lese tekster av ulike typer på bokmål og nynorsk med sammenheng og forståelse” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 7). Dei same omgrepa vert brukt under hovudområdet ”Språk, litteratur og kultur”, som til dømes i målet om at elevane skal kunne ”sammenligne språk og språkbruk i tekster på bokmål og nynorsk” (op.cit., s. 8). Sidestillinga av målformene i omgrepsbruken er altså vidareført frå LK06 i dei måla som gjeld leseopplæringa og den språkkulturelle delen av faget.

Når det gjeld skriveopplæringa, er det annleis. Eg viste tidlegare til Synnøve Skjong (Skjong, 2011b) som skriv om omgrepsbruken i LK06. Ho skreiv mellom anna at å nytte seg av omgrepa bokmål og nynorsk i staden for hovudmål og sidemål, slik det var gjort i LK06, var eit grep som var med på å styrkje jamstillinga av bokmål og nynorsk i norskfaget. Ho skriv òg at ”[b]ruken av omgrepa nynorsk og bokmål i staden for hovudmål og sidemål i LK06 har [...] didaktiske konsekvensar. I opplæringsperspektiv gir dette begge dei norsk skriftspråka eit anna rom i skolen enn før” (op.cit., s. 44). Formuleringane i den opphavlege LK06 la altså til rette for ei meir reell jamstilling av målformene i norskfaget, ved at skulen, for å oppnå måla, måtte ”leggje til rette for og stimulere til utvikling av evne til å forstå, til å reflektere over den norske språksituasjonen og til å bruke norsk språk som munnlege, skriftlege og samansette tekstar” (ibid.). Den gjeldande læreplanen bryt med dette. I kompetansemåla som gjeld skriveopplæringa, vert omgrepa sidemål og hovudmål igjen brukt, og det nemnde grepet for å styrkje jamstillinga, slik vi såg det i LK06, er altså ikkje like tydeleg i den reviderte utgåva av planen. I høyringsnotatet frå Utdanningsdirektoratet (2012b) vert det som sagt trekt fram at skrivekompetansen i hovudmålet skal styrkjast. Vidare i notatet står det at ”[i] måla for skriveopplæring bruker vi omgrepa *hovudmål* og *sidemål*. Eit viktig formål med revisjonen er at språklæringsida ved faget skal bli tydelegare. Derfor er kompetansemåla for skrivning presiserte” (op.cit., s. 8). Det tyder ikkje at det ikkje vert stilt krav til elevane si skrivning på sidemålet, men etter den gjeldande læreplanen er krava til skrivning på hovudmålet høgre enn på sidemålet. Skriveopplæringa i begge målformer er altså ikkje teke vekk, men ho er justert med tanke på krava. Etter 10. årstrinn skal elevane kunne ”skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og

sidemål med begrunnende synspunkter tilpasset mottaker, formål og medium” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 9). Bruken av omgrepa sidemål og hovudmål skaper eit skilje mellom målformene. Hovudmålet er viktigare og skal ha større plass i norskfaget enn sidemålet. Dette gjer at jamstillinga ikkje lenger vert like tydeleg.

Med dette ser vi at den reviderte utgåva av LK06, som no er den gjeldande læreplanen i norskfaget, på mange område fører vidare føremål og kompetansemål frå 2006, og såleis vidarefører endringar frå tidlegare læreplanar. Ei endring som reelt sett er ei styrking av jamstillinga samanlikna med 2006-utgåva er at sidemålet vert presentert allereie etter 2. trinn. Det vert eksplisitt uttrykt at elevane tidleg skal møte begge målformene. I tillegg er det her fleire kompetansemål som eksplisitt omtalar målformene, anten det er som hovudmål/sidemål eller bokmål/nynorsk, enn det var i LK06. Det kan reelt sett vere ei styrking av korleis toskriftspråkssituasjonen kjem fram i planen. Likevel har vi sett endringar i den nye planen som bryt med dei grepa som vart innført i LK06 for ei meir reell jamstilling av bokmål og nynorsk i læreplantekstane. Dette gjeld særleg omgrepsbruken. Vi har sett at sidemål og hovudmål er så godt som ubrukne omgrep i LK06, medan dei er tekne inn att i kompetansemåla som omhandlar skriveopplæringa i den gjeldande planen. Det var eit omdiskutert tema i revideringsprosessen, noko vi skal sjå nærare på i det følgjande kapittelet.

## 5 Analysefunna i lys av rådande språkpolitikk

*Ein ansvarleg språkpolitikk for vår tid kan ikkje byggja på føresetnaden om eit framhald av den historiske rivaliseringa mellom nynorsk og bokmål. Det betyr at vi ikkje kan sjå på forholdet mellom nynorsk og bokmål som ein språkstrid der ein nøytral stat skal halda seg passivt utanfor. (Kulturdepartementet, 2008, s. 196)*

I dette kapittelet skal eg drøfte funna eg gjorde i læreplananalysen i lys av den rådande språkpolitikken i Noreg. Som den rådande språkpolitikken ser eg på lover og politiske dokument som viser kva som er dei politiske måla med tanke på det norske språket. Til dømes heiter det i Melding til Stortinget nr. 35 *Mål og meining* at "[d]et overordna målet for språkpolitikken må [...] vera å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg" (Kulturdepartementet, 2008, s. 14). Vidare står det at "[i] den nye språkpolitikken vil det vera eit underforstått prinsipp at tiltak til styrking av norsk språk generelt også må omfatta tiltak for å fremja nynorsk språk spesielt, når dette er relevant" (ibid.). Dette viser kva som skal vere måla for det språkpolitiske arbeidet framover, og det er såleis rådande språkpolitikk. Språkpolitikken kjem til uttrykk gjennom lover, vedtak, meldingar til Stortinget og andre dokument. Nokon av desse er særleg sentrale med omsyn til tematikken eg tek opp i denne oppgåva.

Jamstillingsvedtaket frå 1885, som er utgangspunktet for denne oppgåva, gjeld framleis og er eit viktig og sentralt haldepunkt i toskriftspråkssituasjonen. Av andre viktige språkpolitiske dokument har vi mellom anna Mållova frå 1930. § 1 i Mållova seier at "[b]okmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Når privat rettssubjekt gjer vedtak eller gjev føresegn på vegner av stat, fylkeskommune eller kommune, skal det i denne samanhengen reknast for slikt organ (Mållova, 1980). Dette legg grunnlaget for språkbruken i det offentlege, og er difor eit sentralt dokument når ein snakkar om språkpolitikk.

I tillegg til Mållova vil eg trekkje fram Lov for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, eller Opplæringslova, som seier noko om reglane for målformer i grunnskulen. I § 2-5. står det: "Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke" (Opplæringslova, 1998). Vidare står det at "[d]ei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha

opplæring i begge målformer. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring” (ibid.). Det er altså lovpålagt at elevane skal ha opplæring i begge målformene så sant dei ikkje har fritak frå det, noko som er viktig for å kunne oppretthalde begge målformene i opplæringa.

Dette er lovfesta føringar i den rådande språkpolitikken. I tillegg har vi gjeldande føringar for politikken som vert lagt fram gjennom meldingar til Stortinget. Eg vil all hovudsak nytte meg av tre meldingar til Stortinget som har vorte lagt fram i løpet av 2000-talet. Desse viser kva språkpolitiske mål det skal jobbast fram mot. Det vert skrive om språk og språkbruk i fleire meldingar til Stortinget, men eg har valt ut desse som dei mest aktuelle for mitt arbeid, då dei inneheld viktige poeng med tanke på toskriftspråkssituasjonen, norskfaget og opplæring i to målformer.

Den største av desse meldingane er den nemnde Melding til Stortinget nr. 35 (2007-2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, frå det som då heitte Kultur- og kyrkjedepartementet (i dag: Kulturdepartementet). Dette er ei omfattande melding og ho viser oss ein gjennomført språkpolitikk som tek for seg mange sider av språkbruk i samfunnet. Som eg skreiv i kapittel 1, vart denne meldinga til Stortinget skriven på bakgrunn av Soria Moria-erklæringa frå 2005. Erklæringa var regjeringsplattforma til den raud-grøne regjeringa, utgått av Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet. I erklæringa står det at ”Regjeringa vil peke på det verdifulle mangfoldet som ligger i det å ha to norske skriftkulturer. Nynorsk og bokmål er formelt likestilt, men reelt har nynorsk likevel vanskeligere vilkår. Det er derfor særlig viktig å sikre nynorsken gode utviklingsmuligheter” (Regjeringa Stoltenberg II, 2005, s. 62). Vi finn att liknande formuleringar i dei språkpolitiske måla i meldinga som eg viste til ovanfor, og å styrkje det norske språket, og særleg nynorsken er altså sentrale språkpolitiske mål.

I 2007 – 2008 kom det òg ei anna melding til Stortinget som eg tidlegare har referert til: Melding til Stortinget nr. 23 *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*, denne frå Kunnskapsdepartementet. Denne meldinga handlar om språkopplæringa i skulen, og også her vert toskriftspråkssituasjonen trekt fram: ”Det språklige mangfoldet i Norge er en nasjonal ressurs, ikke minst representert ved de sidestilte skriftspråkene nynorsk og bokmål. Dette er språklige og kulturelle verdier som opplæringen må forvalte og utvikle” (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 14–15). Desse to meldingane til Stortinget syner føringane for språkpolitikken som har vorte ført dei siste åra, og eg vil trekkje fram fleire sider ved dei i den følgjande drøftinga av analysefunna.

I tillegg til dei to nemnde meldingane, er Melding til Stortinget nr. 22. (2010–2011) *Motivasjon – Mestring – Muligheter. Ungdomstrinnet* eit politisk dokument eg vil trekkje inn i drøftinga. ”Meldingen gir en bred gjennomgang av ungdomstrinnet med dets sterke sider og dets utfordringer [...] Målet med meldingen er å gi elevene på ungdomstrinnet økt motivasjon for styrket læring og bedre læringsresultater”, står det i meldinga (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 11). Meldinga har med eit delkapittel om norskfaget, og her vert sidemålsopplæringa omtala. Her får vi ein gjennomgang av sidemålsopplæringa og utfordringane knytt til den. Om sidemålsopplæringa står det mellom anna følgjande:

Språklig mangfold er en kulturell ressurs, og de sidestilte målformene bokmål og nynorsk er en berikelse for Norge. Å lese tekster på både nynorsk og bokmål er en viktig kompetanse for alle og følgelig en del av skolens dannelsesoppdrag. I mange deler av landet synes det å være utbredte negative holdninger til nynorsk som sidemål, og det kan synes som om opplæringen ikke har lyktes med å redusere de negative holdningene til nynorsk. Mange elever har problemer med å forstå nytteverdien av å mestre nynorsk skriftlig. (op.cit., s. 53)

Det som står om sidemålsopplæringa i denne meldinga til Stortinget kan gje oss ein liten peikepinn på korleis stoda om haldningar og motivasjon knytt til sidemålsopplæringa er, og er såleis nyttig å ha med i denne drøftingsdelen.

Ein stad ein kan leggje opp til gode vilkår for ei jamstilling er i skulen (Språkrådet, 2005, s. 51). Vi ser i sitatet ovanfor at haldningar, og særleg det å redusere negative haldningar til nynorsk som sidemål vert nemnt eksplisitt i meldinga til Stortinget om ungdomsskulen. Morsmålsopplæringa er ein inngang til moglegheiter for å endre haldningane hos ungdom, og det er særleg viktig ettersom språkpolitikken eksplisitt uttrykkjer eit syn på toskriftspråkssituasjonen som ein ressurs og rikdom for Noreg.

Jansson (2011) skriv at ”[f]or å sikre eit språkleg demokrati er det viktig at staten har ein språkpolitikk som gir alle rett til opplæring i fellesspråket norsk” (s. 13). Skulen er den viktigaste institusjonen for systematisk språkopplæring (ibid.), og dersom jamstillingsvedtaket faktisk skal realiserast, er språkopplæringa ein god plass å starte. Å leggje til rette for ei meir reell jamstilling vil, som vi såg av *Mål og meining*, i praksis seie at vilkåra for å bruke nynorsk må betrast. I skulen får som sagt elevane systematisk språkopplæring, og kanskje kan også god språkopplæring førebygge negative haldningar.

Som eit teoretisk og metodisk rammeverk brukar eg Norman Fairclough si kritiske diskursanalyse. Vi har sett at dei tre dimensjonane som han meiner at alle kommunikative handlingar rommar, kan knytast opp mot aspekta eg nyttar i analysen. Fairclough (1992) skriv at diskursar formar og vert forma av den sosiale strukturen (s. 64). Som ein del av den sosiale

konteksten kring læreplanane trekkjer eg fram språkpolitikken, og i den føregåande gjennomgangen av sentrale politiske vedtak og dokument har vi difor fått eit innblikk i kva som er den språkpolitiske og sosiale konteksten kring læreplanane. I den følgjande drøftinga diskuterer eg analysefunna i lys av språkpolitikken, og såleis analysefunna i lys av den sosiale konteksten. Vi kan då sjå korleis den sosiale konteksten og bakgrunnen har innverknad på utforminga av læreplanane, og mot slutten av kapittelet vil vi sjå at læreplanen også kan ha ein gjensidig innverknad på den sosiale konteksten.

## 5.1 Problemformulering og forskingsspørsmål

Problemformuleringa eg har lagt til grunn for oppgåva er: *Korleis har den norske toskriftspråkssituasjonen vorte realisert i læreplanar for norskfaget frå 1974-2013?* I tillegg til denne problemformuleringa har eg sett opp nokre forskingsspørsmål:

- Korleis fremjar ulike aspekt ved læreplanane ei realisering av jamstillinga?
- I kva grad er det samsvar mellom læreplanane og føringane i den offisielle språkpolitikken?
- Korleis har utviklinga i læreplanane vore med tanke på ei realisering av jamstillinga av bokmål og nynorsk?

Eg vil organisere resten av kapittelet i same rekkjefølgje som læreplananalysen, med dei same deloverskriftene. I tillegg til desse vil eg heilt først ta med eit avsnitt om domene og statustilhøve for det norske språket, samt eit språkpolitisk trekk som eg ser på som viktig å drøfte saman med læreplanane, før eg heilt til slutt ser nærare på debatten kring den nylege revisjonen av *Kunnskapsløftet*.

## 5.2 Domene og statustilhøve

I rapporten *Norsk i hundre!* som eit utval oppnemnt av Språkrådet la fram i 2005, står det:

I 2003 hadde 162 kommunar (41 prosent av folketalet) valt bokmål som målform, 116 (11,7 prosent) hadde valt nynorsk, og 156 (47,3 prosent) var nøytrale. Fire fylkeskommunar hadde nynorsk, og dei andre bokmål. I staten, der mållova krev minst 25 prosent nynorsk i skriftlege tekstar, viser tala for 2003 at berre 30 av 163 statsorgan oppfyller minstekrava om nynorsk. (s. 25)

Rapporten kan òg fortelje oss at 85-90 prosent av alle nordmenn brukar bokmål i skrift, og at 10-15 prosent brukar nynorsk. Nynorsk er mest utbreitt på Vestlandet og dei tilgrensande områda, og det er i litteraturen, i humanistiske fag og i primærnæringane at nynorsken står sterkast. I tillegg vert det peika på at nynorsk står sterkt òg i offentleg forvaltning, i kyrkja, etermedia, i pressa og lokalt næringsliv på Vestlandet (ibid.). Ifølgje tal frå Statistisk sentralbyrå var talet på kommunar med bokmål som vedteken målform 159 (39,4 %) i 2011. Talet på nynorskkommunar hadde òg gått ned litt, frå 116 til 114 kommunar (11,1 %), medan talet på nøytrale kommunar hadde gått opp til 157 (49,5 %) (det var 4 kommunar meir i 2003 enn i 2011) (Statistisk sentralbyrå, 2013: 221).

Trass i at bokmål er det mest dominerande skriftspråket i Noreg, så har nynorsken sine arenaer og område der den står sterkt. I rapporten frå Språkrådet vert det vist til Melding til Stortinget nr. 9 (2001 – 2002), der ”å verna og styrkja norsk språk, slik at bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet, inn i det nye informasjonsamfunnet” (Kulturdepartementet, 2002, s. 3), er eit overordna politisk mål. Som vi har sett i dei andre meldingane til Stortinget, er styrking av norsk språk som eit bruksmål i samfunnet eit viktig politisk mål. Dette kan bidra til at målformene vert samfunnsberande, at nynorsken kan halde stand på flest moglege bruksområde, parallelt med bokmål.

### 5.3 Prinsippet nynorsk

Eg var tidlegare inne på omgrepet ”prinsippet nynorsk”. Dette er eit interessant omgrep som i *Mål og meining* vert brukt for skildre omtalen av toskriftspråkssituasjonen. Norsk språk skal ha posisjon som eit fullverdig og samfunnsberande språk i Noreg står det i meldinga, og ”Prinsippet nynorsk” viser oss kva ”norsk språk” inneber: ”Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt” (Kulturdepartementet, 2008, s. 82). Denne definisjonen av omgrepet finn vi att hos Ottar Grepstad (2012), der han peikar på at ”[d]en språkdelte norske kulturen blir ingen heilskap utan at nynorsk i prinsippet alltid er med” (s. 162). ”Prinsippet nynorsk” tyder altså at når norsk språk vert omtala, inneber dette *både* bokmål og nynorsk. ”I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimerast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte” (Kulturdepartementet, 2008, s. 82). Prinsippet nynorsk legg opp til ei styrkt jamstilling når det gjeld korleis vi oppfattar norsk språk. Er norsk språk bokmål *eller* nynorsk, eller er det bokmål *og* nynorsk? Dersom læreplanane, som kan seiast å spegle språkpolitikken, som igjen speglar språksamfunnet elles, klarer å leggje opp til ei opplæring som kan styrkje jamstillinga av

bokmål og nynorsk, kan dette bidra til at prinsippet nynorsk vert den gjengse måten å oppfatte norsk språk på. På bakgrunn av dette vil eg ta med meg dette omgrepet vidare inn i drøftinga av analysefunna.

#### 5.4 Toskriftspråkssituasjonen og måla for norskfaget

Mål for faget var det første aspektet eg såg på i læreplananalysen, og det representerer den sosiale og politiske dimensjonen i den diskursanalytiske inngangen eg har til materialet. Måla for faget viser dei overordna måla som er sett opp for norskopplæringa i læreplanane. Vi såg i analysen at alle læreplanane la vekt på at elevane skulle verte medvitne om språkleg mangfald, og at dei skulle utvikle eigenskapar som toleranse og forståing for språket i målformuleringane. I *Mål og meining* vert det skrive følgjande:

I somme delar av landet er nynorsk ikkje berre eit samfunnsberande, men også eit fullverdig bruksspråk. Her er nynorsk det dominerande språket, også i høve til bokmål. Likevel, det gjennomgåande biletet når vi ser landet under eitt, er at nynorsk er eit språk som er diskriminert. Ikkje minst slår dette utover brukarane av språket [...] Mykje av denne diskrimineringa ligg innebygd i samfunnsstrukturane og har å gjera med dei ulempene som følgjer av at nynorsk i utgangspunktet er eit mindre brukt språk enn bokmål. Men i tillegg kjem negative haldningar, både meir eller mindre uttalte haldningar og dei meir skjulte. (Kulturdepartementet, 2008, s. 195)

Etter M74 skulle elevane verte glade i morsmålet sitt, og etter M87 skulle elevane ”utvikle tolerante holdningar til språk og språkbruk” (Kirke- og undervisningsdepartementet, 1987, s. 129). Identitet og morsmål vart trekt fram i L97 òg, og i LK06 er språkleg sjølvtilitt og tryggleik, identitet og respekt stikkord for norskopplæringa. I den reviderte utgåva av Kunnskapsløftet frå 2013 er det eit mål for norskopplæringa å styrkje ”elevenes språklige trygghet og identitet, utvikle deres språkforståelse og gi et godt grunnlag for mestring av begge målformene i samfunns- og yrkesliv” (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 2). Desse stikkorda, og versjonar av dei, går att i alle læreplanane eg har brukt i analysen min. Som vi ser av sitatet frå *Mål og meining* ovanfor, er dette eit tema som òg er viktig i språkpolitikken. Samstundes er det eit faktum at negative haldningar til det nynorske skriftspråket er dei som har vore og framleis er mest synlege i samfunnet. Difor er det i tråd med språkpolitikken at dette er eit tema i norskopplæringa. Alle som bruker norsk språk skal byggje opp ein språkleg sjølvtilitt, samt utvikle ein toleranse overfor kulturelle og språklege variasjonar. Den heilskaplege språkpolitikken har som mål å styrkje særleg det nynorske skriftspråket, og dette



vert det gjort tiltak for i læreplanane mellom anna ved å ha språkleg sjølvtilitt og toleranse som mål.

Utviklinga i læreplanformuleringane har altså gått frå å kome med forsiktige mål om å vere glade i morsmålet sitt, til å ha klare krav om ei utvikling av språkleg sjølvtilitt og forståing for andre språk og kulturar i dei seinaste læreplanane. Også på dette området viser funn i analysen ei utvikling som, slik eg ser det, i større grad legg til rette for ei styrkt jamstilling av bokmål og nynorsk i norskfaget. Innhaldet i og måla for faget i dei seinaste læreplanane samsvarar i stor grad med den rådande språkpolitikken som har vorte ført dei siste åra. Eg skreiv om omgrepet ”prinsippet nynorsk” som vert brukt i *Mål og mening* (Kulturdepartementet, 2008, s. 82). Ei viktig utvikling for auka jamstilling vil vere å gjere dette prinsippet til eit allment og rådande prinsipp. Slik eg ser det kan dei overordna måla nyttast til dette, ved å gjere det til eit hovudmål at planane skal fremje dette prinsippet. Haldningsskapinga og identitetsskapinga kan vere nyttige inngangar til dette, og det haldningsskapinge arbeidet det vert lagt opp til gjennom læreplanane kan auke forståinga og aksepten for den norske toskriftspråkssituasjonen.

I mål for faget stiller òg læreplanane opp overordna krav til kva elevane skal oppnå av kompetanse i løpet av opplæringa. Under punkt 4.2.6 såg vi at den gjeldande læreplanen stiller krav til at elevane skal kunne lese og skrive både bokmål og nynorsk. Frå 1974 og fram til i dag kan utviklinga seiast å ha gått i retning av ei styrkt jamstilling, ved at krava til kompetanse i begge målformene har auka. I mål for faget i M74 skulle elevane ha kjennskap til både bokmål og nynorsk, medan i M87 skulle elevane ha kunnskap i hovudmålet og kjennskap til sidemålet. L97 omtala dei norske språket som ein heilskap, og la såleis ikkje fram nokre direkte krav til språkkompetanse. I LK06 er det derimot uttrykt eksplisitt at elevane skal kunne skrive begge målformene.

LK06 sidestiller målformene, og det vert kravd at elevane skal ha like god kompetanse i bokmål og nynorsk. I analysen viste eg til Benthe Kolberg Jansson (2011) som nyttar omgrepet ”funksjonell tospråklegheit” i samband med LK06 (s. 25). Omgrepet tyder at elevane skal kunne *bruke* begge målformene. Ein kan sjå på den funksjonelle tospråklegeita som eit uttrykk for prinsippet nynorsk, på den måten at opplæringa i to målformer gjev elevane kompetanse i *norsk*, og ikkje berre i den eine eller den andre målforma. Dette er ideelt med tanke på dei språkpolitiske måla om å styrkje det norske språket i sin heilskap. Likevel, desse formuleringane i LK06 utelukkar ikkje at ein kan velje å skrive meir på hovudmålet enn sidemålet, men det legg godt til rette for ein med forankring i læreplanen skriv like mykje på

begge målformer. Men kravet er likevel at opplæringa skal gje elevane eit godt kompetansegrunnlag i begge målformer.

Trass i at LK06 sidestiller målformene i kompetansekrava vert det stilt spørsmål til om krava er for høge. Dette vert det peika på i Meld. St. nr. 22 (2010 – 2011) *Motivasjon – mestring – muligheter. Ungdomstrinnet*, som viser til ei undersøking gjort av Kirsten Sivesind i samarbeid med faggrupper i Utdanningsdirektoratet i 2011: ”En undersøkelse av kunnskaps- og læringsambisjoner for ungdom i seks land viser at læreplanen i fellesfaget norsk har et høyt ambisjonsnivå for språkferdigheter, sammenlignet med tilsvarende planer i andre land, som Sverige, Danmark, Finland, Skottland og New Zealand” (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 53). I morsmålsfaget i Noreg er krava til kompetanse høgare enn i andre land ifølgje undersøkinga. Det er positivt for nynorsk som sidemål at krava til toskriftspråkskompetansen har auka opp gjennom åra, då dette styrkjer den svakast stilte målforma. At dei to målformene er likestilt etter LK06 er svært viktig for prinsippet om jamstillinga, men krava kan vere overambisiøse ifølgje den same rapporten.

I *Motivasjon – mestring – muligheter. Ungdomstrinnet* vert planen for 2013-revisjonen trekt fram, og det vert lagt fram nokre mål for revisjonen: ”Departementet vil legge vekt på at den nye læreplanen tydelig må beskrive hvilke krav som stilles til hovedmål og sidemål. [...] I formålsteksten for norskfaget må formålet med opplæringen i sidemål framgå tydelig” (op.cit., s. 54). Læreplanen frå 2006 stiller altså svært høge krav til elevane sin kompetanse i målformene ved å sidestille dei heilt. Er det realistisk å vente at elevane skal kunne begge målformene like godt? I 2013-utgåva av Kunnskapsløftet vert krava nedjusterte og det vert ikkje venta like mykje av elevane i sidemålet som i hovudmålet. Likevel er det understreka i høyringsnotat frå revisjonsprosessen at sjølv om krava til kompetanse i hovudmålet er auka, skal læreplanen gjere det tydeleg kvifor det er viktig at elevane òg lærer å skrive på sidemålet (Utdanningsdirektoratet, 2012b, s. 4). Revisjonen av LK06 viser at det har vorte teke omsyn til spørsmåla kring dei høge krava i norskopplæringa. Krava til kompetanse i dei to målformene har vorte tydeleggjort, og dette har mellom anna skjedd ved å gjeninnføre omgrepa sidemål og hovudmål, og justere krava til dei to målformene.

## **5.5 Sidemålet si stilling i læreplanane**

Prinsippet nynorsk kan også seiast å gjelde organiseringa av læreplanane. I alle fall når vi kan sjå at utviklinga har gått frå å ha norsklæreplanar som har skilt ut sidemålet frå den generelle skrive- og leseopplæringa, til å få ein læreplan som inkluderer både sidemål og hovudmål i

måla for denne opplæringa, og deretter til ein læreplan som sidestiller bokmål og nynorsk i kompetansemåla for norskfaget. Her er vi på eit diskursivt nivå som handlar om korleis styresmaktene med utgangspunkt i overordna politikk fortolkar situasjonen og set politikken ut i livet. I Meld. St. nr. 23 *Språk bygger* broer vert det trekt fram at eitt av danningmåla i skulen er at elevane skal lærast opp i eit demokratisk medborgarskap. Vidare vert toskriftspråkssituasjonen trekt inn saman med dette målet:

Et premiss for den demokratiske språkpolitikken i Norge er at de to norske målformene nynorsk og bokmål sammen utgjør det nasjonalspråket som alle norske statsborgere har rett og, på visse betingelser, plikt til å lære. Det overordnede målet i den generelle norskplanen i Kunnskapsløftet er at alle elever skal få en bred språkkompetanse som omfatter kompetanse i både bokmål og nynorsk. En slik språkkompetanse gir innpass i norsk kultur og åpner for bred samfunnsdeltakelse og integrering. (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 31)

At språkpolitikken vil leggje opp til ei språkopplæring i lys av demokratisk medborgarskap som omfattar toskriftspråkkompetanse, kan tolkast i retning av at norskopplæringa i størst mogleg grad skal sidestille målformene og ikkje skilje ut den eine målforma i så sterk grad som det vart gjort i M74 og M87. I desse to planane var sidemålet skilt ut som eige emne i norskopplæringa. Denne måten å organisere opplæringa i norsk på har konsekvensar for korleis sidemålet vert sett på. Kva er målet med opplæringa? Skal elevane kunne *bruke* sidemålet? Slik eg ser det kan konsekvensen på den eine sida verte at sidemålet vert sett på som ”noko anna” som skal inn i norskfaget, då det gjennom denne organiseringa vert eit emne som er *i tillegg* til den ”ordinære” lese- og skriveopplæringa. Då kan det oppfattast som uheldig for ei styrkt realisering av jamstilling av målformene, og dermed ikkje som ei styrking av det demokratiske medborgarskapet. På den andre sida kan ei slik inndeling vere bra for sidemålet, då det vert retta ekstra merksemd mot det som eit eige hovudemne i faget slik at det får ein meir tydeleg plass i opplæringa. Dermed kan ein også sjå på denne inndelinga som positiv for toskriftspråkopplæringa.

I L97 er strukturen i inndeling endra, og sidemålet er ikkje lenger eit eige hovudemne. Det same gjeld LK06. Denne inkorporeringa i eit meir integrert norskfag *kan* gå utover sidemålet på den måten at det kan drukne og lettare vert usynleggjort og dermed nedprioritert. På den andre sida kan det føre til eit meir heilskapleg norskfag ved at begge målformene er integrert i skrive- og leseopplæringa. Kva som er bra og ikkje kan med andre ord tolkast ulikt. Men kanskje er det ikkje nødvendigvis inndelinga i seg sjølv som er positiv eller negativ for jamstillinga, men korleis emnet meir konkret er følgt opp i kompetansekrava.

I M74 og M87 vert det ikkje fremja krav om kompetanse i sidemålet som *bruksmål*. M74 er ein plan med vage formuleringar i krava til kompetansen elevane skal opparbeide seg i sidemålet i løpet av grunnskulen. M87 set opp konkrete mål for sidemålsopplæringa, og har med ein progresjonsplan for heile grunnskulen. Rett nok er eitt av måla i M87 at elevane skal kunne uttrykke seg skriftleg på sidemålet, men det er ikkje krav om at det skal kunne brukast utover det i skriftleg samanheng. Elevane skal òg kunne lese tekstar på sidemålet, og gjennom dette verte kjende med målformene.

I L97 aukar krava til toskriftspråkskompetanse, då det her vert kravd at elevane skal kunne bruke sidemålet som arbeidsspråk. Elevane må altså *bruke* sidemålet aktivt. Dette kan koplast til språkpolitiske mål om at alle skal ha toskriftspråkskompetanse som ein del av det demokratiske medborgarskapet. Dette målet vart formulert i *Språk bygger broer* ti år etter at L97 vart utarbeidd. Det kan gje oss eit bilete på korleis diskursane er gjensidig avhengige av kvarandre, både i tid og innhald. LK06 tek ei realisering av jamstilling eit hakk vidare ved å omtale målformene som bokmål og nynorsk i staden for sidemål og hovudmål. I tillegg er dei høge krava ivaretekne i LK06, og elevane skal kunne bruke bokmål og nynorsk til dei same føremåla.

Å sidestille målformene i læreplanen slik det er gjort i dei seinaste planane er meir i tråd med dei språkpolitiske måla om at opplæringa skal forvalte verdien av å ha to skriftspråk, slik eg ser det. Prinsippet nynorsk bidreg til dette, då den rådande språkpolitikken kan seiast å leggje føringar som utelet ei inndeling av faget lik den vi såg i M74 og M87 ved å understreke verdien av å ha to jamstilte målformer og at denne verdien må forvaltast i opplæringa (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 14–15)

Dersom vi ser på LK06 kan vi sjå eit godt samsvar mellom politikken og læreplanen. Gjennom LK06 vart det gjennomført store endringar i norskfaget, mellom anna gjennom å sidestille målformene i kompetansemåla, som vi såg i analysen. Dette er, slik eg ser det, eit nødvendig grep for å kunne snakke om eit demokratisk medborgarskap i språkleg samanheng. Men denne måten å sidestille målformene på er altså endra gjennom revisjonen av LK06. I 2013-versjonen av Kunnskapsløftet vert skiljet mellom målformene innført på nytt ved igjen å ta i bruk omgrepa hovudmål og sidemål når det gjeld kompetansemåla som handlar om skriveopplæringa, noko eg tok opp under punkt 4.2.6. Dette bryt med den klåre sidestillinga i LK06, men samstundes er det i tråd med det vi såg i Melding til Stortinget nr. 22 (2010–2011), om at krava i hovudmål og sidemål må gjerast meir tydelege.

## 5.6 Legitimering

I analysen var eitt av aspekta eg trekte fram legitimering av toskriftspråksopplæringa i læreplanane. Dette kan seiast å handle om det diskursive nivået. Eitt trekk som gjekk att i læreplanane var koplinga mellom toskriftspråkssituasjonen og det språklege mangfaldet i Noreg. Koplinga mellom talemål og målformer vert på eit tidspunkt brukt i alle planane for å legitimere opplæringa i to målformer.

Det som er interessant med denne koplinga i alle læreplanane er at vi kan sjå ei utvikling i sambanda mellom talemålet og toskriftspråkssituasjonen. I M74 vert sidemålsundervisninga grunngjeven i dei norske dialektane. I M87 er sidemålsopplæringa også sett i samanheng med norske dialektar, og desse kan verte brukte aktivt i sidemålsopplæringa. Vi ser den same koplinga mellom dialektar og tale i L97, samt i LK06. I analysen var eg inne på nasjonsbygging gjennom læreplanen. I etableringsfasen av morsmålsfaget kom nasjonsbyggingsperspektivet inn som eit danningsmål. Kjell-Arild Madssen (1999) skriv:

Venstresidens store demokratiske oppdragelsesprosjekt inngår her i et enda større nasjonsbyggende prosjekt med 1814 som grunnleggende politisk premiss. Den romantiske idepåvirkning er her en helt sentral allmennkulturell bakgrunn og forutsetning, som legger til premissene for utviklingen av et morsmålsfag som har det å skape individuell og nasjonal identitet som sitt mest sentrale mål. (s. 129)

Det nasjonale har vore ein sentral del av norskfaget sidan det vart etablert, og morsmålsfaget var eit viktig bidrag i nasjonsbygginga på 1880-talet. Som vi såg i analysen er koplinga mellom dialektar og skriftspråk brukt for å legitimere toskriftspråksopplæringa, og den kan vere eit uttrykk for nasjonale perspektivet i læreplanane. Dette er eit døme på den sosiale og politiske dimensjonen i diskursen, då vi ser at nasjonsbygginga ligg som eit bakteppe for norskfaget.

Med LK06 kjem det i tillegg til det ”tradisjonelle” norske inn nye perspektiv i omtalen av språkmangfaldet. I formål for faget står det følgjande:

I Norge er både bokmål, nynorsk og samisk offisielle skriftspråk, og det tales mange ulike dialekter og sosiolekter, men også andre språk enn norsk. Norsk språk og kultur utvikles i en situasjon preget av kulturelt mangfold og internasjonalisering, i samspill med nordiske nabospråk og minoritetsspråk i Norge og med impulser fra engelsk. I dette språklige og kulturelle mangfoldet utvikler barn og unge sin språkkompetanse. Med utgangspunkt i denne språksituasjonen skal det legges til rette for at barn og unge får et bevisst forhold til språklig mangfold og lærer å skrive både bokmål og nynorsk. (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 2)

I LK06 vert eit internasjonalt språkleg mangfald trekt fram som eit utgangspunkt for språkopplæringa, og som ei grunngeving for toskriftspråksopplæringa. Det tradisjonelle norske mangfaldet vert jamført med det ”nye” internasjonale mangfaldet. Dette perspektivet har ikkje vorte nytta i dei tidlegare læreplanane, men vert teke med vidare i 2013-planen. I språkpolitikken er dette språklege mangfaldet også eit tema. I *Mål og mening* vert det peika på at Noreg i dag i endå større grad enn tidlegare er eit mangespråkleg samfunn, og at norsk språk samstundes er under press frå engelsk (Kulturdepartementet, 2008, s. 14). Dette mangfaldet skal ifølgje læreplanen danne grunnlag for å gje elevane eit medvite forhold til språkleg mangfald, og vidare til at elevane skal lære å skrive både bokmål og nynorsk. Det fleirkulturelle mangfaldet som legitimering for toskriftspråksopplæringa er vidareført i det reviderte Kunnskapsløftet av 2013. I same melding til Stortinget står det at ”[f]or alle folk er språket det viktigaste kulturuttrykket. Som kultur har vi difor ei plikt både overfor oss sjølve og verda elles til å ta vare på vårt eige språk” (ibid.). I høve til det som står i læreplanane om toskriftspråksopplæringa tyder dette at det er viktig at elevane lærer begge målformene, då det er viktig å fremje dei norske målformene som samfunnsberande skriftspråk i det mangespråklege samfunnet. Dette vert òg trekt fram i *Språk bygger broer*, som vist i eit tidlegare sitat der det kjem til uttrykk at dei sidestilte skriftspråka representerer det språklege mangfaldet som ein nasjonal ressurs, og at dette er verdiar som opplæringa må fremje (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 14–15).

I førre delkapittel skreiv eg om det demokratiske medborgarskapet som står som eit danningsmål i skulen. Toskriftspråkssituasjonen kan sjåast som ein del av dette, då det demokratiske medborgarskapet krev kunnskap i begge målformene for at denne språkkompetansen skal opne for samfunnsdeltaking og integrering (op.cit., s. 31). Dette kan sjåast på som ei legitimering av toskriftspråksopplæringa frå politisk hald, men det kan like fullt sjåast i samanheng med sitatet frå LK06 ovanfor som legitimerer toskriftspråksopplæringa frå læreplanhald.

Det demokratiske medborgarskapet kan òg koplust til det nemnde språklege mangfaldet. Sjølv om Noreg er eit mangespråkleg samfunn sett saman av andre språk enn berre norsk og samisk, så handlar det demokratiske medborgarskapet om at kompetanse i både bokmål og nynorsk fører til at alle som er norske statsborgarar kan delta i samfunnet og får innpass i den norske kulturen. Dette kan også sjåast i samanheng med nasjonsbyggingsperspektivet, den sosiale og politiske dimensjonen, og korleis innhaldet i læreplanane vert tilpassa det språksamfunnet vi lever i.

At det har blitt teke omsyn til at det språklege mangfaldet i Noreg har endra seg er ein viktig del av utviklinga både i det språklege samfunnet, i språkpolitikken og i norskopplæringa. Det viser oss at det er nødvendig at språkpolitikken følgjer opp den språkelege samfunnsendinga og at utarbeidinga av læreplanane følgjer opp språkpolitikken. I jamstillingsperspektivet er dette særleg viktig, då språket heile tida vert påverka av nye impulsar. Eit hovudmål for språkpolitikken dei siste åra har vore å styrkje det norske, og særleg det nynorske språket, og då er det viktig å sjå dette i lys av den aktuelle språksituasjonen, og legitimere toskriftspråksopplæringa ut frå den.

## 5.7 Omgrepsbruk

Prinsippet nynorsk handlar om omgrepsbruk og om innhaldet i omgrepet ”norsk”. Den rådande språkpolitikken legg opp til at norsk språk skal romme både bokmål og nynorsk. Å berre bruke omgrepet ”norsk” i læreplanane og gå ut ifrå at norskopplæringa inneheld omtrent like mykje bokmål og nynorsk, trur eg ville vere å håpe på litt mykje. Men sjølv om ikkje ”norsk” som bokmål og nynorsk kan vere den einaste måten å omtale målformene på i læreplanen, så kan bruk av andre omgrep ha innverknad på oppfatninga av målformene sin plass i norskfaget.

Formuleringar har mykje å seie for korleis målformene kjem fram i faget, og korleis opplæringa skal ta omsyn til toskriftspråksituasjonen. Vi er no nede på det tekstuelle nivået i diskursen, og ser på omgrepsbruken i planane. I analysen såg vi at M74 og M87 tydeleg skil mellom hovudmål og sidemål og kompetansen i målformene. L97 er ein mellomting mellom dei to føregåande planane og den påfølgjande planen, ved at begge omgrepspara, hovudmål/sidemål og nynorsk/bokmål, vert brukt. Med unntak av *Arbeidsmåter for faget* og i nokre læringsmål etter 8. og 9. trinn der sidemålsomgrepet vert brukt, vert omgrepa bokmål og nynorsk brukt i omtale av målformene. LK06 står for ei stor endring når det gjeld omgrepsbruk. I denne planen vert omgrepa hovudmål og sidemål berre brukte i delen som gjeld eksamensordninga. Elles i planen er det omgrepa bokmål og nynorsk som vert brukt for å omtale målformene, samstundes som dei to målformene vert omtala samla. I *Språk bygger broer* vert det skriva at ”[g]jennom Kunnskapsløftet gjøres språkkompetanse til et av de viktigste målene ved opplæringen. Læreplanen i norsk understreker sidestillingen mellom målformene ved å unngå begrepene «hovedmål» og «sidemål» i kompetansemålene” (Kunnskapsdepartementet, 2008, s. 39).

På grunnlag av dette kan det diskuteres om det skiljet som kjem inn att i den reviderte utgåva av planen er ei svekking eller ei styrking av jamstillinga av målformene. Den reviderte norsklæreplanen som no er gjeldande har, som vi såg i analysen, teke i bruk omgrepa hovudmål og sidemål igjen i kompetansemåla som gjeld skriveopplæringa. I høyringsnotat frå revisjonsprosessen vert det peika på at dette er eit grep for å tydeleggjere krava til kompetanse i dei to målformene (Utdanningsdirektoratet, 2012b, s. 8). Slik eg ser det fører bruken av omgrepa sidemål og hovudmål automatisk til ei rangering av dei to målformene. Vi såg i tal frå GSI tidlegare at nynorsk er det største sidemålet, og då vert nynorsk den målforma som vert rangert lågast i opplæringa for flest elevar i Noreg. Samstundes vert nynorsk ofte oppfatta som identisk med termen "sidemål". Ut frå dette kan ikkje grepa gjort i den reviderte læreplanen seiast å bidra til ei strykt jamstilling av målformene i norskfaget. Sidemålsomgrepet har eit negativt omdømme, og det kan fort oppfattast som noko som kjem i tillegg til den "eigentlege" skriveopplæringa.

Likevel, i høve til M74 og M87 som heilt tydeleg skilde ut sidemålet ved å setje det som eit eige hovudemne, er ikkje skiljet like tydeleg i den gjeldande læreplanen, då inkluderinga av sidemålet i den "ordinære" lese- og skriveopplæringa gjev inntrykk av eit meir heilskapleg norskfag. Omgrepsbruken i 2013-læreplanen legg elles godt til rette for ei meir reell jamstilling i norskfaget. Det vert tydeleg sett krav til at elevane skal lære seg å skrive både bokmål og nynorsk *fordi* desse er likestilte målformer i det norske språksamfunnet, noko som er i tråd med dei språkpolitiske føringane om å styrkje norsk som eit samfunnsberande språk. Dermed kan opplæringa bidra til at prinsippet nynorsk vert nedfelt i måten ein tenkjer om norsk språk på. Slik sett har utviklinga i læreplanane vore positiv med tanke på å få til ei meir reell jamstilling av målformene i norskfaget.

## 5.8 Debatten

I samband med utarbeidinga av M74 var hovudemna for norskplanen diskutert politisk. Kjell-Arild Madssen (1999) skriv dette om debatten om sidemål som hovudemne:

Dette var en kultur- og språkpolitisk vanskelig sak, som både angikk grunnskoleloven og norskfaget. Grunnskoleloven av 1969 krevde ikke at alle elever skulle ha skriftlig sidemål. Departementet skulle gi nærmere bestemmelser om denne undervisningen. Mange var redde for konsekvensene av et krav om skriftlig sidemål i en enhetsskole. (s. 244)



M74 var altså startpunktet for grunnskulen – den gongen 9-årig, i dag 10-årig – og sidemålet vart ein del av fellesfaget norsk i grunnskulen. Sidemålet var eit tema for debatt kring etableringa av M74, og temaet har vore oppe til debatt att i samband med revisjonen av norsklæreplanen i Kunnskapsløftet. Gjennom dei føregåande kapitla har vi sett at læreplanar ikkje berre er ord på papir, men at det er ein sosial og politisk kontekst rundt det skrivne som spelar inn og at orda på papiret speglar konteksten. Læreplanane speglar samfunnet og dei krav og verdiar som samfunnet består av og ønskjer. Læreplanen i norskfaget speglar såleis den språklege sida av samfunnet. Eit kort innblikk i framveksten av det norske språket og norskfaget har gjeve oss eit bakteppe for den aktuelle språksituasjonen i Noreg, og korleis denne har kome fram i læreplanar frå 1974 og fram til i dag. Vi såg at jamstillingsvedtaket gjorde at det som i dag heiter bokmål og nynorsk vart offisielt likestilte, men at det har vorte diskutert og debattert kring dei to målformene før, og at det framleis er eit emne for debatt, særleg i norskfagleg samanheng.

Frå august skuleåret 2013/2014 tok altså den nye utgåva av Kunnskapsløftet til å gjelde. I samband med revisjonen vart debatten kring sidemålsopplæringa på ny sett på dagsorden, og det var særleg eitt brev som sette i gong debatten. Brevet var frå Utdanningsdirektoratet og vart sendt til Kunnskapsdepartementet 19. januar 2012, og handla om revisjonen og moglege endringar i norskplanen (Utdanningsdirektoratet, 2012a). ”I brevet frå Utdanningsdirektoratet går det fram at ei mogleg endring for å gjere norskfaget enklare, er å styrkje opplæringa i hovudmål ved å senke krava i sidemål” (Aasen-tunet, 2012). Det sentrale i debatten i samband med revisjonen av læreplanen var vurderingsordninga, og talet på karakterar i norskfaget. Forslaga var nemleg å slå saman dei to skriftlege norskkarakterane til ein, å ha berre éin karakter i norsk eller å halde på ordninga slik den var frå før. Det vart diskutert om det å gjere endringar i vurderingsordninga kunne vere eit grep for å tydeleggjere kompetansekrava eller ikkje. ”Debatten om standpunkt-karakterane er ein debatt om prioriteringar i norskfaget. Eit eige karakteruttrykk i skriftleg sidemål blir sett på som motiverande, men mange meiner at sidemålet får for stor vekt i høve til mange andre viktige sider ved faget”, står det i brevet frå Utdanningsdirektoratet (Utdanningsdirektoratet, 2012a, s. 9). Spørsmålet er då om det er talet på karakterar som bør stå som det sentrale punktet i sidemålsdebatten. Er det det som styrer i kva grad elevane er motiverte til sidemålsopplæring? Til ei viss grad ja, då mange let seg styre av karakterane. Men på den andre sida er det innhaldet i sjølve undervisninga som bør spele den største rolla for kva stilling sidemålet skal ha i norskfaget.

I kapittel 1 viste eg til ein debatt mellom Erna Solberg og Audun Lysbakken som diskuterer nettopp sidemålet si stilling i norskfaget. Lysbakken frå Sosialistisk Venstreparti argumenterte for sidemålet ved å seie at å endre opplæringa ville vere eit åtak på den språklege jamstillinga. Solberg gav uttrykk for at nynorsk er lausrive frå resten av norskfaget gjennom pugging av grammatikk, noko som gjev eit negativt forhold til målforma (www.nrk.no, 2013). Forslaget var å fjerne både karakter og eksamen i sidemål både i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen, og dette var som sagt sentralt i den siste toppen i sidemålsdebatten. Men dersom sidemålsundervisninga består av verbbøying og blading i ordbøker rundt om i klasseromma, er det ikkje så rart at haldningane knytt til sidemålet er negative, uansett om det ein, to eller tre karakterar. Det er nok sett på spissen at sidemålsopplæringa berre inneheld av verbbøying og ordbøker, men kanskje er det nettopp den assosiasjonen mange har med sidemålet og nynorskopplæringa, då nynorsk sidemål for mange kjennest framandt.

LK06 stilte like krav til kompetanse i begge målformene, og mange meinte at dette var for høge krav. Sett frå eit jamstillingsperspektiv var LK06 den læreplanen i analysen som i høgst grad realiserte ei jamstilling av bokmål og nynorsk. Såleis var planen i tråd med jamstillingsvedtaket frå 1885, samt målet vi ser i språkpolitikken om å styrkje det nynorske språket. Krava til kompetanse i sidemålet vart noko senka i den reviderte utgåva av Kunnskapsløftet, og vi såg at vurderingsordninga var eit særleg heitt diskusjonstema nyleg. Lenge såg det ut til at det skulle verte ei endring i vurderingsordninga, men mot slutten av revisjonsprosessen snudde Kristin Halvorsen, som då var Kunnskapsminister, og vurderingsordninga vart verande slik den var i LK06, med tre karakterar i norskfaget (Kunnskapsdepartementet, 2013). Ein eigen karakter i sidemålet kan bidra til å sikre at det vert arbeid med og på begge målformer, då elevane sin kompetanse skal prøvast slik vurderingsordninga er. Men det er likevel andre sider ved sidemålsopplæringa som er viktige med tanke på ei styrkt jamstilling.

I norskfaget er lese- og skriveopplæringa sentralt, noko som kjem fram gjennom dei grunnleggjande ferdigheitene som dannar grunnlaget for opplæringa. Men debatten kring sidemålet og toskriftspråkssituasjonen dreiar seg om meir enn å berre å kunne lese og skrive to målformer og at elevane sin kompetanse vert ”sjekka” ved eksamen. Haldningar står òg heilt sentralt. ”Haldningar har å gjera med vilje og motivasjon” står det i *Mål og mening* (Kulturdepartementet, 2008, s. 4). Her kan ein vise til det demokratiske medborgarskapet som er eit viktig danningsmål i læreplanane, og at dette kan knytast opp mot toskriftsopplæringa.

Læreplanane legg opp til at elevane skal verte medvitne det språklege mangfaldet i Noreg, og at dei skal utvikle eigenskapar som respekt og aksept. Dei skal òg verte kjende med skilnadane mellom målformene og den historiske bakgrunnen for at vi har to målformer. Etter mitt syn er det avgjerande at læreplanane har med desse måla, då haldningar ligg som eit bakteppe for motivasjonen til å lese og skrive to målformer.

Som sagt har eg undersøkt intensjonsnivået, og ikkje den praktiske gjennomføringa av norskfaget, og etter mi meining viser læreplananalysen at vi i dag har ein meir gjennomført og utarbeidd norsklæreplan sett frå eit jamstillingsperspektiv, enn kva vi hadde på 70- og 80-talet. Eg har tidlegare vist til Kamil Øzerk (2006) som skriv at landet har vore ”fiksert i den såkalte 'sidemålsproblematikken’”, og at vi heller bør ha prøve å etablere ein heilskapleg tospråkspolitikk (s. 58). Det seinaste tilskotet i denne problematiseringa av sidemålet kom i april 2014 då det kom forslag frå leiaren i eit partipolitisk fylkeslag om ei nasjonal folkeavstemming om eitt eller to offisielle skriftspråk i Noreg, og heller ha nynorsk (og samisk) som valfag i skulen. To av argumenta som kom fram var at folk flest i Noreg brukar bokmål, og at nynorsk er for vanskeleg slik at folk bør få sleppe å streve med det. Noregs Mållag var raskt ute og argumenterte imot forslaget og kalla det ”hårreisande” (www.nrk.no, 2014). Dette dømet på nylege innspel i sidemålsdebatten stadfestar problematiseringa, og vi vil kunne finne dei som er einige med partipolitikaren og dei som er einige med Noregs Mållag. Slik eg ser det har læreplanane hatt ei utvikling som styrkjer jamstillinga av målformene i faget trass i at den gjeldande planen gjer nokre endringar som går imot den tydelege sidestillinga av målformene i 2006, dette har aspekta i analysen vist. Med tanke på jamstillingsvedtaket, som har stått sidan 1885, er dette ei utvikling i riktig retning. Men sjølv om det er eit politisk vedtak at bokmål og nynorsk er jamstilte norske skriftspråk, er det ikkje sjølvstøtt at alle er einige i det. Det er difor debatten framleis går føre seg, og det syner at språket er noko som engasjerar, og at det faktisk er noko å bry seg om. Difor trur eg at det er viktig at nettopp det å bry seg om og å vere medvitne språket vert formidla i læreplanane og vidare ut i klasseromma.

Vi såg i kapittel 2 at diskursar, eller tekstar, formar og vert forma av den sosiale praksisen. I dette kapittelet har eg drøfta analysefunna i lys av språkpolitikken, og såleis sett på korleis læreplanane og vår fortolking av dei er forma av den sosiale og politiske konteksten. Det sidemålsdebatten viser oss er at læreplanane også formar den sosiale konteksten. Intensjonane i læreplanane påverkar praktiseringa av måla og krava i faget, og då er utforminga av planane ei påveringskraft på den praktiske gjennomføringa. Det vert meint

mykje om innhaldet i planane, og då LK06 skulle reviderast var det debatt kring dette og korleis den nye læreplanen skulle formast og formulerast, mellom anna med LNU som sentral aktør. Den reviderte planen vart teken i bruk hausten 2013, og revisjonsprosessen var avslutta. Likevel skapar innhaldet i han framleis debatt, og som vi såg ovanfor er det sidemålsordninga som stadig får merksemd. Læreplanane vert med andre ord påverka av den sosiale konteksten samstundes som dei påverkar han.

Eg har vist til det demokratiske medborgarskapet, og at dette er eitt av danningmåla i læreplanen. Læreplanane legg føringar for korleis jamstillinga av bokmål og nynorsk skal oppfattast og gjennomførast, og det har vi sett at dei siste planane i større grad enn tidlegare legg opp til. Likevel står vi framleis ved denne problematiseringa av tospråkssituasjonen som Øzerk (2006) omtalar. Dette gjer det vanskeleg å få til ei styrkt jamstilling av dei to målformene, trass i at læreplanane legg opp til det. Haldningar er eit sentralt stikkord her, og det er det i den rådande språkpolitikken òg. Å trekkje fram læreplanmåla om at elevane skal verte kjende med språkhistoria, verte medvitne det språklege mangfaldet og ha kunnskapar om skilnadane mellom målformene ber med seg eit potensiale til å endre haldningane hos ungdomane – og til å ta språket i bruk. Den norske toskriftspråkssituasjonen er eit sentralt tema i læreplanane, men det krev auka toleranse og aksept for at jamstillinga av bokmål og nynorsk i større grad skal verte reell.

## Litteratur

- Aasen-tunet. (2012, 09.03.12). Sidemålsdebatten 2012. Henta 10.04.14, frå <http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprak/sprakstrid/Sidem%C3%A5lsdebatten+2012.d25-SwJnMY6.ips>
- Dokka, H.-J. (1988). *En skole gjennom 250 år: den norske allmueskole, folkeskole, grunnskole 1739-1989*. [Oslo]: NKS-forlaget.
- Fairclough, N. (1992). *Discourse and social change*. Cambridge: Polity Press.
- Fairclough, N. (1995). *Critical discourse analysis: the critical study of language*. Harlow: Longman.
- Fehler, J. O., Christiansen, R. K., Groes, L., Klint, L., Mortensen, K., & Nørgaard, N. (u.å.). Norman Fairclough og diskursanalyse Henta 10.01.2014, frå <http://www.teorier.dk/tekster/norman-faircloughs-diskursanalyse.php>
- Grepstad, O. (2005). *Nynorsk faktabok 2005*. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum.
- Grepstad, O. (2012). *Draumen om målet: tilstandsrapportar frå Norge og Noreg*. Oslo: Samlaget.
- Gundem, B. B. (1990). *Læreplanpraksis og læreplanteori: en introduksjon til læreplanområdet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, E. (1966). *Riksspråk og folkemål: norsk språkpolitikk i det 20. århundre* (D. Gundersen, Trans.). [Oslo]: Universitetsforlaget.
- Haugland, K. (1971). *Striden kring sidemålsstilen: ein studie i språk og politikk i åra 1906-07*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Haugland, K. (2007). Litt om historia bak sidemålsstilen. Henta 06.04.2014, frå <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraknytt/Arkivet/Spraknytt-2007/Spraknytt-32007/Sidemaalsstilen/>
- Hitching, T. R., Nilsen, A. B., & Veum, A. (2011). *Diskursanalyse i praksis: metode og analyse*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Jahr, E. H. (1992). *Innhogg i nyare norsk språkhistorie*. Oslo: Novus.
- Jansson, B. K. (2011). Språkleg mangfald i samfunn og skole. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* (1. ed., s. 13–32). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Johannessen, A., Tuft, P. A., & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt.
- Kirke- og undervisningsdepartementet. (1987). *Mønsterplan for grunnskolen*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Kirke- utdannings- og forskingsdepartementet. (1996). *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*. [Oslo]: Nasjonalt læremiddelsenter.
- Kulturdepartementet. (2002). St. meld. nr. 9 (2001–2002) Målbruk i offentlig teneste. Henta 11.04.14, frå <http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20012002/009/PDFA/STM200120020009000DDDPDFA.pdf>
- Kulturdepartementet. (2008). St. meld. nr. 35 (2007 – 2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Henta 07.10.2013, frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/regpubl/stmeld/2007-2008/stmeld-nr-35-2007-2008-.html?id=519923>
- Kunnskapsdepartementet. (2008). St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne*. Henta 25.10.2013, frå <http://www.regjeringen.no/pages/2077013/PDFS/STM200720080023000DDDPDFS.pdf>

- Kunnskapsdepartementet. (2010). Oppdragsbrev. Henta 07.10.2013, frå <http://www.udir.no/Upload/larerplaner/Utkast/gjennomgaende/Oppdrag%2042-10.pdf?epslanguage=no>
- Kunnskapsdepartementet. (2011). St.meld. nr. 22 (2010–2011) Motivasjon - mestring - muligheter. Ungdomstrinnet. Henta 19.03.2014, frå <http://www.regjeringen.no/pages/16342344/PDFS/STM201020110022000DDDPDFS.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2013). Pressemelding: Tydeligere læreplan i norsk. Henta 23.04.2014, frå <http://www.regjeringen.no/nb/dokumentarkiv/stoltenberg-ii/kd/Nyheter-og-pressemeldinger/pressemeldinger/2013/tydeligere-lareplan-i-norsk.html?id=731197>
- Kyrkje- og skuledepartementet. (1922). *Normalplan for landsfolkeskolen*. Kristiania: J.M. Stenersens forlag.
- Kyrkje- og undervisningsdepartementet. (1974). *Mønsterplan for grunnskolen*. [Oslo]: Aschehoug.
- Madssen, K.-A. (1999). *Morsmålfagets normtekster: et skolefag blir til - norskfaget mellom tradisjon og politikk*. [Trondheim]: Pedagogisk institutt, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Mållova. (1980). Mållova. Henta 09.01.2014, frå <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1980-04-11-5#%C2%A71>
- Opplæringslova. (1998). Mål for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. Henta 09.01.2014, frå [http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_2](http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_2)
- Regjeringen Stoltenberg II. (2005). Plattform for regjeringssamarbeidet mellom Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet 2005-09. Henta 24.03.2014, frå [http://www.regjeringen.no/upload/SMK/Vedlegg/2005/regjeringsplattform\\_SoriaMoria.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/SMK/Vedlegg/2005/regjeringsplattform_SoriaMoria.pdf)
- Skjong, S. (2011a). Norsk som undervisningsspråk og opplæringsspråk i skolen i historisk perspektiv. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* (1. ed., s. 49–76). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Skjong, S. (2011b). Norskspråkleg kompetanse etter LK06: toskriftskompetanse i alle fag. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* (1. ed., s. 33–48). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Skjong, S. (2011c). Toskriftskompetanse på barnetrinnet: Nynorsk for elevar med bokmål som opplæringsspråk. I B. K. Jansson & S. Skjong (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen* (1 ed., s. 136–161). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Språkrådet. (2005). Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi. . Henta 14.03.14, frå [http://www.sprakrad.no/upload/9832/norsk\\_i\\_hundre.pdf](http://www.sprakrad.no/upload/9832/norsk_i_hundre.pdf)
- Språkrådet. (2012). Språkstatus 2012. Henta 07.10.2013, frå <http://www.sprakrad.no/upload/Spr%C3%A5kstatus/Spr%C3%A5kstatus%202012.pdf>
- Statistisk sentralbyrå. (2013). Statistisk årbok 2013. Henta 24.04.2014, frå [http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/attachment/140702?\\_ts=1415a7ca078](http://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/attachment/140702?_ts=1415a7ca078)
- Steinfeld, T. (1986). *På skriftens vilkår: et bidrag til morsmålsfagets historie*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tjora, A. H. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk.

- Utdannings- og Forskningsdepartementet. (2004). St.meld. nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring. Henta 05.02.2014, frå <http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20032004/030/PDFS/STM200320040030000D/DDPDFS.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (2006). Læreplan i norsk. Henta 15.01.2014, frå <http://www.udir.no/kl06/NOR1-01/>
- Utdanningsdirektoratet. (2012a). Styrking av skriftleg hovudmål, avgrensing av skriftleg sidemål og endring av vurderingsordningane i norskfaget i samband med revisjonen av læreplanen i norsk. Henta 10.04.14, frå <http://www.udir.no/Upload/larerplaner/forsok/norskbrev.pdf?epslanguage=no>
- Utdanningsdirektoratet. (2012b). Vedlegg 4 Høyringsnotat om endringar i læreplanen i norsk i grunnskolen og vidaregåande opplæring. Henta 10.10.2014, frå [http://www.udir.no/Upload/hoeringer/2012/051212/051212\\_Hoeringsnotat\\_norsk.pdf?epslanguage=no](http://www.udir.no/Upload/hoeringer/2012/051212/051212_Hoeringsnotat_norsk.pdf?epslanguage=no)
- Utdanningsdirektoratet. (2013). Læreplan i norsk. Henta 15.01.2014, frå <http://www.udir.no/kl06/NOR1-05/>
- Utdanningsdirektoratet. (2013-2014). Målform. Henta 07.10.2013, frå <https://gsi.udir.no/application/main.jsp?languageId=2>
- Winther Jørgensen, M., & Phillips, L. (1999). *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- [www.nrk.no](http://www.nrk.no). (2013). Duell om sidemål Henta 02.10.2013, frå <http://www.nrk.no/hordaland/duell-om-sidemal-1.11208383>
- [www.nrk.no](http://www.nrk.no). (2014). Vil ha nasjonal folkeavstemming om nynorsk. Henta 24.04.2014, frå <http://www.nrk.no/norge/--nynorsken-er-for-vanskelig-1.11673531>
- Øzerk, K. (2006). *Tospråklig opplæring: utdanningspolitiske og pedagogiske perspektiver*. Vallset: Oplandske bokforlag.





## Samandrag

Etter jamstillingsvedtaket av 1885 er dei to norske skriftspråka nynorsk og bokmål sidestilt i offentleg bruk. Formelt sett har målformene like vilkår, men reelt sett står bokmål sterkare og er meir utbreitt enn nynorsk.

Skulen er ein viktig forvaltar av det norske språk, og det er her elevane får systematisk språkopplæring. I august 2013 tok ei revidert utgåve av *Kunnskapsløftet* til å gjelde, og gjennom revisjonsprosessen fekk sidemålsopplæringa mykje omtale.

Den rådande språkpolitikken i Noreg har som eit overordna mål å styrkje det norske språket og gjere det til eit samfunnsberande språk. I tillegg er det eit underforstått prinsipp at spesielt nynorsken skal fremjast. Det språklege mangfaldet vert sett på som ein nasjonal ressurs, og opplæringa skal forvalte og utvikle verdien av å ha to sidestilte målformer.

Læreplanane i norskfaget kan seiast å vere uttrykk for språkpolitikken, og innhaldet i planane speglar kva som er dei språkpolitiske måla. Gjennom ein analyse av læreplanar frå 1974–2013, undersøker eg korleis toskriftssituasjonen kjem fram i læreplanane. Eg ser på intensjonane bak den formelle jamstillinga og på føresetnadane for å realisere denne. Målet er å finne ut korleis læreplanane som tekstar legg opp til ei meir reell jamstilling av målformene i norskfaget.

Gjennom fire aspekt syner analysen at det har vore ei utvikling i korleis læreplanane organiserer innhaldet i norskfaget og korleis toskriftspråkssituasjonen vert omtala og teken omsyn til. Dei siste planane kan i større grad seiast å styrkje jamstillinga av bokmål og nynorsk gjennom målformuleringar, organisering, legitimering av toskriftspråkssituasjonen og omgrepsbruk.

At utviklinga har gått den vegen samsvarar med det som er den rådande språkpolitikken. Analysen viser at utviklinga har gått i retning av å få eit meir heilskapleg norskfag som i større grad enn tidlegare fremjar toskriftspråkssituasjonen som ein del av heile norskopplæringa. Dette er i tråd med det som vert lagt fram som måla for språkpolitikken.

Likevel er ikkje debatten om sidemålsopplæringa avslutta heilt. Det vert hevda at vi i Noreg har eit problematisk syn på toskriftspråkssituasjonen, og debatten om sidemålsopplæringa under revisjonen av *Kunnskapsløftet* syner at dette er ein viktig del av norskfaget. Læreplanane legg føringar for språkopplæringa, og utforminga av planane er difor viktig. Læreplanen i norsk har såleis innverknad på jamstillinga av bokmål og nynorsk ved at det legg føringar for korleis det skal takast omsyn til toskriftspråkssituasjonen i opplæringa.